




Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Eg har skrive ei utfyllande historie om Kvie-Lars og Kvie-Lars-Hellaren, og dette stykket står i Stryn historielag si Årbok 2014.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Som husmann utan noko jord, laut Kvie-Lars langt for å få løyve til utslått til ei ku eller to. Heilt til Greidung laut han, ein 6-7 km. langs vatnet og innover dalen, pluss 1 km mot fjellet. Der er det to grasrindar, som med rette vert kalla Styggerindane på grunn av stein fåren frå høg fjellet. Der fekk Kvie-Lars slåtteteig. Grunneigaren våga ikkje livet sitt der oppe.

Men under desse rindane er der ein høg hammar med hellar under. Kvie-Lars bar og drog graset ned dit, og sette hesjar under hellaren, så hadde han "låvetørka" høy om det regna i dagevis. Han kunne og lagre høyet inst under hellaren. Og når han hadde ein "fridag," kunne han gå desse 14-15 km fram og tilbake etter ei høybør.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Der er ingenting å gjere på staden, naturen steller seg sjølv her! Men ynsket er at Kvie-Lars-hellaren vert registrert på ein eller annan måte. Etterkomarane etter Kvie-Lars er tallause i Noreg og i Amerika. Å syne dette kulturminnet og historia bak namnet, kunne fortelje til nordmenn og kanskje amerikanarar som vitjar landet kvar og korleis tipp-tipp-tipp-tipp-oldefar livberga seg.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Aktuelt tiltak er ulike typer *informasjonsopplegg* av lokal art. Tilrettelegging for *oppleving* er lite aktuell på grunn av naturfare. *Bevaring* er også uaktuelt, då kulturminnet ikkje kan verte øydelagt av anna enn naturlege prosessar.

Intervjuskjema nr. M26

Intervju utført: 30.04.2015 av Dag Vanberg	Namn på kulturminnet:	Geografisk plassering/tilkomst: Gnr 123, bnr 2. Ligg på Jo-bruket på Reme i Innvik.
Namn intervjuobjekt: Oddbjørn Reme		
Adresse: 6793 Innvik	Kvilkjekvilada	Kartkoordinat X:6858888, Y:376019

Generelt om interessa mi for kulturminne.

Alt frå barneåra har eg interessert meg for den gode historia og den gode forteljaren. Bestemor mi, og ikkje minst far min, Erling Reme, fortalde meg mangt og mykje både av segner og eventyr – og elles om liv og lagnad på garden og bygda elles. I vaksen alder vart eg meir og meir interessert i gardshistorie og korleis dei utnytta ressursane. Særleg vart eg oppteken av namn både i innmark og utmark.

Kvifor er dette «Mitt kulturminne»?

Kvilkjekvilada har til alle tider høyrte til Jo-bruket på Reme. Ho er ei av dei få utlader som enno står att i område. Far min snakka mykje om Kvilkjekvia og utlada, og at ein burde syte for at ho vart teken vare på for ettertida. Særleg hasta det med å vøle taket på ein skikkeleg måte. Etter kvart vart eg óg svært oppteken av ta vare på denne unike kulturskatten.

Hausten 2004 sende eg ein søknad om støtte til ei



Kvilkjekvilada på Reme.

vøling av lada til Norsk kulturarv. Prosjektet vart kalla «Ta eit tak aksjonen».

Kva har du gjort og kva kan du gjere for å ta vare på «Mitt kulturminne»?

Etter at eg fekk tilsagn om støtte til bevaring av utlada, gjekk vi i 2005 til verket med friskt mod og stor entusiasme. Dette skulle vi få til! Først tok vi av trod og sperrer og erstatta dei med nye. Likeeins gjorde vi med raftene. Vi nytta óg vortepapp, med eit tynt torvlag opp på pappen. Opp på torva la vi så store heljer som vi fann i nærleiken. Vi nytta óg torvkrokar av eine frå Jølster. Torvhalder laga vi av fure. Lada stod ferdig restaurert hausten 2006. Vi rydda skog kring lada, slik at det vart eit lyst og ope område. Og ein triveleg stad vart det!

Eg vil óg få rette ei takk til dei som har hjelpt til med prosjektet. Særleg vil eg nemne Jakob Grøsvik og Anders Dragesæt.

Kva veit du om «Mitt kulturminne»?

Eg veit at Kvilkjekvia var ei slåttekvie til Jo-bruket på Reme. Ho var i bruk om lag fram til siste krigen. Alderen på utlada er det vanskeleg å seie noke sikkert om. Ho er nemnd i utskiftninga i 1870-åra. Ola Reme (1889-1991) fortalde at han brukte å ha skia sine ståande der når han skulle avstad å sjå etter revefellene sine. Då eg var smågut og spurde og grov etter kav tid jula og nissen kom, svara dei vaksne at nissen var ein tur innom Kvilkjekvilada på veg til Reme.

Kva forventar du at samfunnet skal gjere for «Mitt kulturminne»?

Tja, eg veit ikkje kva eg skal seie. Men eg har no forventningar om at for eksempel Stryn kommune viser interesse og støttar slike prosjekt.



Oddbjørn Reme ved Kvilkjekvilada.

Kommunen sine kommentarer til dette kulturminnet:

Ingen kommentar.



Intervjuskjema nr. M27

Intervju utført: 06.05.15 av Ottar Ulvedal Namn intervjuobjekt: Knut Gunnar Ulvedal Adresse: 6795 Blaksæter	Namn på kulturminnet: Køyringehuset i Ulvedalstunet	Geografisk plassering/tilkomst: Ulvedalstunet, Nordsida. Kartkoordinat X:6858750, Y:368650
--	---	---



Køyringehuset i Ulvedalstunet.

Generelt om interessa for kulturminne:

Det er viktig å ta vare på det som er gammalt. Det viser noko av historia.

Det er viktig å kunne vise andre korleis dei levde og arbeidde før.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

For meg som har overteke ein slektsgard med rike tradisjonar, er det viktig å ta vare på det som høyrer garden til. Dette huset kan bli ein god plass å presentere mykje av reiskapane og utstyret som var i bruk tidlegare. Å få til dette er eit stort arbeid. Det er vanskeleg å rekke over det. Difor kan det vere interessant å få det sett inn i ein samanheng slik at flest mogleg kan ha glede av å få sjå det. Huset står midt i leia for Øvre Kulturløype i Ulvedal kulturpark.

Dette kan såleis bli eit verdfullt gardsmuseum.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Sjølve bygget er restaurert med tett tak og ny bordkledning.

Det som må gjerast, er rydding og tilrettelegging for utstilling. Derneast kjem arbeidet med å finne fram aktuelle gjenstandar og stille ut desse.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Eg veit at dette huset vart brukt til å lagre jordbruksreiskap av ulikt slag. Huset vart kalla Køyringehuset eller Køyrehuset. Her kunne dei ha utstyr lagra i ly for ver og vind. Den andre delen av bygningen som vi ser litt av til høgre på biletet, er øvstelada / øgstelada. Den er ikkje med i dette prosjektet.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Sidan dette er eit prosjekt som eg ikkje kan rekne med å få inntekt på, forventar eg at samfunnet stiller opp med økonomisk støtte som gjer prosjektet realiserbart. Kvar bygd treng kulturminne som vert tekne vare på for ettertida. Då er det viktig å stimulere til at dette arbeidet blir gjort.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Ingen kommentar.

Intervjuskjema nr. M28

Intervju utført: 19.08.2015 av Odd Rønningen Namn intervjuobjekt: Arve Fjellkårstad Adresse: 6795 Blakset	Namn på kulturminnet: Kårstadbakken (hoppbakke)	Geografisk plassering/tilkomst: Gnr 173/Bnr 1,4 Panoramavegen til Fjellkårstad. Bratt stikkveg opp til 550 mo.h. aust for garden Fjellkårstad. Kartkoordinat X:6859487, Y:363515
--	---	---



Arve Fjellkårstad i overgangen til sletta på Kårstadbakken.

Generelt om interessa for kulturminne:

Når ein har gått i lag med foreldre og besteforeldre her ute. Sett og høyrte om alt strevet for å halde hjula i gong. Då vil ein ikkje fjerne spora etter dei. Det seier seg sjøl det.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Det er nesten ingen igjen av dei gamle hoppbakkane frå den tida då alle grender hadde sin eigen bakke. Kårstadbakken er den bakken som det er mest igjen av, om ein til dømes vil ta vare på ein av desse. Landbruksmessig er denne hoppbakken i vegen for rasjonell landbruksdrift på min gard på Fjellkårstad. Til dømes ynskjer eg å kunne grøfte myra som dannar utløpet av bakken slik at eg kan produsere gras på flat mark. Men dette må eg i tilfelle få klarsignal til. Eg ynskjer ikkje å øydelegge noko som har betydd så mykje for heile grenda.

I tillegg til hoppbakken ligg det også eit torvtak for strøtorv på myra nedfor hoppbakken. På myra er både torvtaksarealet godt synleg, og ei gamal hes for tørking av torv står framleis på myra. Den består av einer, med fullt av spiker.



Arve sitt eine hopp vart eit møte med snøen som ikkje freista til gjentaking.



Restar av ei torvhes. Torva vart tørka for å nyttast som strø under dyra på båsen.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Eg har spurt Vetten Idrettslag v/Olav Sjølvberg for å høyre om dei vil vera med og restaurere bakken. Eg ser gjerne at kommunen eller fylkeskommunen kan hjelpe til økonomisk slik at vi kan få opp att hoppet og rydda bakken slik at her kan hoppast igjen.

Eg meiner det let seg gjera å kombinera dette restaureringsarbeidet med at eg kan dyrke opp myra som ligg nedanfor bakken. Eg har ikkje midler eller tid til å gjera dette heilt aleine.

Eg ville ha nytta kreosothandsama stolpar i hoppet og festa inn igjen dei bølgeblikklåtene som kan nyttast og fornya dei som er øydelagt. Det hadde vore interessant.



Sjølve hoppet ligg samanvelta og består av stein, tømmer og bølgeblikk.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Kårstadbakken vart bygd rett før eller under andre verdskrigen. Alle grendene hadde sine idrettslag eller ungdomslag som arrangerte mesterskap i hopp. Vi hadde bakkar på Bergset, Ulvedal, Ytste Fjelli (Kårstadbakken), Åland og på Sætren. Kårstadbakken var ein 30-metersbakke med høve til å hoppe ca 40 meter. Bakkane låg i denne storleiken. Det låg mykje mannleg prestisje i det å tørre å hoppe i ein slik bakke. Enkelte gjekk for langt og gjorde seg skade. Arve var ein av dei som ikkje vart hoppar. Han prøvde seg med eitt svev natterstid då ingen såg på. Han gjorde det ikkje igjen.

Prepareringa av hoppbakken stod hopparane sjølv for. Det var å trakke med eigne hoppski og vente til snøen hadde fastna før ein starta hoppinga. Dei som veit mest om hoppinga her ute er Torbjørn Fjellvang og Annbjørn Sølvberg.

Kårstadbakken vart bygd i eit tidlegare skogområde som var planta til ca 1910. Tre vart fjerna slik at tilløp, to hopp og unnarenn var fri for skog. Hoppet vart bygd delvis av stein i bakkant, deretter ein opptømrå hoppfront på opptil 2 meters høgde. Oppå dette byggverket var det festa bølgeblikkplater.

No er skogen i ferd med å ta igjen hoppet på Fjellkårstad, men restane av det eine hoppet ligg der framleis.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Det hadde vore interessant å bygge opp att bakken. Det er nesten ingenting igjen av dei gamle hoppbakkane. Kårstadbakken er den som det er mest igjen av. Men da må lokalsamfunnet hjelpe til, og det hadde vore positivt med økonomisk tilskot frå det offentlege til å påkoste restaureringa.

Kommunen sine kommentarer til dette kulturminnet:

Ingen kommentar.

Intervjuskjema nr. M29.

Intervju utført: 30.04.2015 av Arne P. Sunde Namn intervjuobjekt: Johan Gjørven Adresse: Gjørven, 6783 Stryn	Namn på kulturminnet: Lakseklekkeriet på Stauri	Geografisk plassering/tilkomst: På garden Stauri. G.nr 42, bnr 11. Tilkomst- veg frå Gjørven til Lysvoll. Kartkoordinat X:6867047, Y:384958
---	---	--



Lakseklekkeriet ligg ved elva på garden Stauri. Anlegget er i dag i forfall. Utanfor klekkeriet står to store plastkar som vart nytta til "venterom" for gytelaksen.

Generelt om interessa for kulturminne:

Eg er interessert i å ta vare på ting som har vore brukt av folk fram gjennom tidene. Spesielt interessant har det vore å følgje opp minne som er knytt til fisket i Stryneelva.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

At dette er mitt kulturminne har med interessa mi for fisket i Stryneelva å gjere. Klekkeriet vart etablert for å styrke tilveksten på laks i Stryneelva. Gjennom klekkeriet fekk ein kontrollere både klekkinga av rogn og utsetjing av fisk i vassdraget. Klekkeriet er eit minne frå gammal tid då fisket var viktig for bøndene langs elva, både som inntektskjelde og for å skaffe mat til familien.



Inne i bygningen står kara att som vart brukt til å klekke ut lakserogna. Klekkeriet hadde god tilgang på friskt vatn der det ligg ved ei lita elv som renn ned i sjølve storeelva.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Det har ikkje vore gjort mykje for å ta vare på klekkeriet etter at det vart lagt ned i 80 åra. Slik det framstår i dag, er det eit anlegg i forfall. Kanskje kunne det ha vore gjort ein innsats for å pusse det opp att og gjere det tilgjengeleg for publikum. På ein ekskursjon langs Stryneelva vil dette vere ein naturleg stoppestad for å ta for seg historia til elva.

Vi veit heller ikkje om aktiviteten i klekkeriet nokon gong kan takast opp att, og at dette kan bli ein ressurs for utvikling av elva i framtida.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Klekkeriet vart bygd i 1936. Hovudansvaret for bygginga hadde Fredrik Kyrkjeeide. Han hadde med seg Kårik Kyrkjeeide og Mathias Kleppe. Anlegget vart bygd på Stauri like ved elva. Det vart også plassert ved ei lita sideelv som ga god tilgang på friskt og reint vatn til alle kummane. Mathias Kleppe hadde ansvar for drifta til 1971. Etter dette overtok Ansgar Sandbakk ansvaret til drifta vart lagt ned i 80-åra. Det daglege stellet gjekk ut på å sortere ut livlause egg og seinare yngel som ikkje levde opp. Vatnet måtte kontrollerast og det måtte heile tida takast prøver som fastslo Ph-verdien i vatnet. Reint vatn var heilt nødvendig for at yngelen skulle leve opp.

Fangsten av stamlaks gjekk føre seg frå slutten av oktober og ut over i november. Laksen vart for det meste fanga med not og garn. Nokre år prøvde ein ut fangst med sluk med krok utan mothakar. Dette var ikkje mykje i bruk. Viktigaste fangstplassane var Soget ved Vassenden i Nedrefloen og ovanfor Gjørva fossen. Mesteparten av laksen vart teken opp her. I nokre år vart det fanga stamlaks med kilenot utanfor Strynebukta. Denne fangsten vart gjort i fredingstida i fiskesesongen. Den fanga laksen vart sett i merar i sjøen til ut på hausten. Siste tida vart dei plasserte i to store plastkar utan for klekkeriet. For å få god sirkulasjon i tankane, vart det pumpa elvevatn opp frå Stryneelva. Denne metoden vart nytta 4 – 5 år.

Etter den vanlege stamlaksfangsten i elva og vatnet, vart laksen stroken rett etter at den var teken på land. Rogn og mjølke vart blanda (befrukting) og vart plassert i store kar inne i klekkeriet. I klekkeri utviklar laksen seg frå egg til yngel i løpet av om lag 2 månader. Første tida er ikkje yngelen ferdig utvikla, og ikkje i stand til å ta til seg føde utanfrå. Den lever av plomesekken den har på magen første tida.

Utsetjing av yngel i elva starta i mai/juni.

Utsetjinga av yngel omfatta heile Strynevassdraget, frå Hjelle i øvste enden og ned til Skjolden/hengjebua i nedre enden. Det vart også sett ut yngel i dei største sideelvane i vassdraget.

Yngelen vart frakta ut både i spann og plastballongar med oksygen. Både oksygen og temperatur var viktig for at yngelen skulle overleve.

Tilgangen på stamlaks kunne variere frå år til år. I 1974 vart det teke svært mykje laks, og dette året vart det levert 30 000 egg til Oldevassdraget.

Stryn elveeigarlag prøve ut bruk av rogneboksar eit par år. Befrukta rogn vart plassert i spesielle rogneboksar og sett ut att i elva rett etter stryking. Boksen skulle beskytte rogn og på same tid skulle utviklinga skje etter naturmetoden.

Klekkeriet vart lagt ned i 1980-åra.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

På grunn av laksefisket si betydning for Stryn, ville det vere naturleg å ta vare på historia rundt dette.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Lakseklekkeriet har omsynssone Bevaring kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel.

Intervjuskjema nr. M30

Intervju utført: 05.01.2016 av Inger Fure Namn intervjuobjekt: Amund Mork Adresse: Fosnes, 6799 Oppstryn	Namn på kulturminnet: Ledemurar i Fosdalen	Geografisk plassering/tilkomst: Ledegjerde i Fosdalen mellom Tafsehyrna og Vesledalen. Ligg på gnr 29, bnr 1. Kartkoordinat
---	--	---



Amund Mork , med Fosdalen i bakgrunnen. Ledegjerda ligg i Vesledalen - andre dalen til venstre sett frå Fosnes. Avgrensa mot sør av Tafsehyrna (midt i bildet).

Generelt om interessa for kulturminne:

Det må takast vare på dei kulturminna vi har . Vi må minnast våre forfedre og vidareformidle arven etter dei.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Steinmurane i Fosdalen har imponert meg og fått meg til å undre kven som har lagt ned alt arbeidet for å få det til.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Dette minnet ligg der til "evig tid».

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Veit ikkje kor gamle murane er, om den skriv seg frå den tid reinen beita der, slik at det kan vere bogestøde eller grav for rein , eller frå yngre tid som stengsel for storfe som beita der.



Vesledalen. Ledegjerdet går på tvers av dalen ein eller annan stad i framgrunnen av bildet . Ledegjerdet er (etter to forsøk) framleis ikkje dokumentert av kommunen.



Morene på tvers av Vesledalen, ned mot dalbotnen i midre deler av dalføret.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Eg forventar at murane vert avbilda, registrert og at det vert formidla det som kjem fram.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Ledegjerdet er bygd ca 800 meter over havet. Informanten har som utgangspunkt at gjerdet kan vera nytta som stengsel for husdyr i marka eller er ein del av eit svært gammalt fangstanlegg for villrein.

Ledegjerdet vart forsøkt dokumentert av kommunalt tilsette sommaren 2016 utan at intervjuobjektet var med på synfaringa. Det meste av Vesledalen vart besøkt, utan funn av menneskeskapte ledegjerde eller restar av slikt. Det vi fann av overflateformasjonar i dalen var tversgåande endemorener etter mindre breframstøt. Bilde av desse formasjonane er teke med i intervjuet.

Amund Mork sitt kulturminne ligg der han veit at det ligg, men offentleg synfaring har ikkje avdekt kvar hen. Med det kunnskapstilfanget kommunen har til rådvelde vil vi likevel slå fast at ledegjerdet sannsynlegvis ikkje kan ha hatt funksjon som fangstanlegg for villrein. Om det har vore villrein i dette området, må det ha vore svært sjeldan. Å ligge her og vente på villrein med pil og boge ville gje lite utbytte. Gjerdet må dermed ha hatt ein eller annan funksjon for husdyrbeitet i området. Mest truleg kan dette dreie seg om eit stengsel for å hindre beitedyr i å gå inn i område der dei kjem i skårfeste, slik ein finn andre stader i kommunen. Mindre sannsynleg er det at dette er eit stengselsgjerd for å halde husdyra innafor eit mindre avgrensa område i beitesesongen, til dømes beitekvie for hanndyr. Slike kvier er lite kjent så høgt oppe i fjellet som Vesledalen.

Inntil vidare vert dermed konklusjonen at ledegjerdet er eit stengsel mot skårfeste i utmarksbeite, mest truleg for småfe.

Denne påstanden må på sikt etterprøvast til dømes i pågåande nasjonalt arbeid med dokumentasjon av kulturminne i breområde i samanheng med aukande nedsmelting.

Tiltak: Kommunen tek initiativ til å dokumentere ledegjerdet og finne opprinnelsen til dette ved hjelp av nasjonal fagekspertise.

Intervjuskjema nr. M31

Intervju utført: 03.03.2015 av Matias Lunde	Namn på kulturminnet:	Geografisk plassering/tilkomst: ligg ved sjøen. Lett å kome til med båt. Elles ein gammal sti over gnr. 49 br.nr. 6.
Namn intervjuobjekt: Matias Lunde	Lundehella	Kartkoordinat X:6863725, Y:377161
Adresse: 6783 Stryn		



Lundehella.

Generelt om interessa for kulturminne:

Generelt er interessa mi stor for kulturminne. Eg har vokse opp på ein gard med mange stadnamn, ei kjend gardshistorie og mange beretningar frå tidlegare tider. Eg har og studert lokalhistorie og er med i Stryn historielag. Garden eg bur på grensar både til fjord og fjell. Far min og også andre i slekta var interesserte i lokalhistorie. Har skrive ei mengd prologar der lokalhistorie er emnet.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Eg har rodd ein god del langsmed fjorden, sett på denne hella og høyrte mange ting om henne. Ho er ein del av historia til garden.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Eg har hatt med ein ungdomsskuleklasse og rydda vekk småskog og kratt rundt denne hella.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Lundehella er ei svært stor steinhelle som ligg i flomålet. Ho låg visstnok ein gong på to store steinar. På denne hella stod futen når han kravde inn skatten. Hella vart tidlegare brukt til å setje opp ved på, og det er skrive ein stad at der var plass til 15 famner ved. Veden lasta dei så om bord i jekta når dei skulle til Bergen. Det er bora eit stort hol gjennom henne slik at dei kunne fortøye jekta og andre båtar som dei ville frakte ved med. Lundehella var og tidlegare brukt som milemerke på sjøen. Kor mange sjømil det var frå Olden, veit eg ikkje.

Ein gong hadde nokre ungdommar frå Olden vore på sesjon på Faleide. På heimvegen gjekk dei på land og reiv ned hella. Mannen på garden melde dei, det vart rettssak, og dei fekk som straff å setje opp igjen hella. Dei laga då ein steinmur under hella. Korleis dei fekk denne store hella opp på steinmuren, er det ikkje sagt noko om.

**Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?**

Halde det ryddig rundt hella og passe på at ho ikkje ramlar ned.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Lundehella har omsynssone Bevaring kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel.

Intervjuskjema nr. M32

Intervju utført: 03.03.2015 av Matias Lunde	Namn på kulturminnet:	Geografisk plassering/tilkomst:
Namn intervjuobjekt: Berit Hisdal Lunde		Seterveg frå Vinsrygg, turveg og skiløype frå Ullsheim
Adresse: 6783 Stryn	Lundesetra	Kartkoordinat X:6867651, Y:376491



Berit Hisdal Lunde ved dei to gamle fjøsane på Lundesetra. Her går den gamle kyrkjevegen.

Generelt om interessa for kulturminne:

Generelt er interessa mi for kulturminne stor. Eg har alltid vore interessert i historie. Ei stund i ungdommen budde eg på Lillehammer og var nabo med Maihaugen. Eg er spesielt interessert i gamle, lafta hus.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Det er «Mitt kulturminne» fordi her er gamle lafta hus. Det selet som vi eig, er frå 1863, fjøset er nok endå eldre. Desse husa bør takast vare på for ettertida. Den gamle kyrkjevegen frå Markane til Stryn går mellom selet og fjøset. Då Nedstryn kyrkje feira 150 års-jubileum, var det tilstelling på denne setra på grunn av denne kyrkjevegen.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Vi har sett i stand taket på det gamle fjøset og skifta ut nokre stokkar. Selet er nok påbygt, men det gamle innselet står slik det var. Det er merke etter ljoren i taket, og taket er svart av tidlegare røyk. Tømmerveggane er godt vedlikehaldne.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Eg veit at det var ein gammal tradisjon at seterdrift var tilknytta jordbruket i tidlegare tider. Garden som eg no bur på, har hatt seterdrift i mange hundre år med dyra på setra om sommaren. Det var budeier som stelte dyra, og i tidlegare tider med mykje rovdyr måtte det og vere gjætarar på setra. Den setra som no ligg der, vart teken i bruk ein gong etter 1723. Tidlegare låg setra lenger oppe. Eg veit og at seterkvienne er omtala i ein nasjonal kulturminneplan.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?


Eg forventar at dei gamle seterhusa og seterkvia blir bevart, at dei gamle tømmerhusa får stå i mest muleg opprinneleg stand.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Lundesetra har omsynssone Bevaring kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel.

Intervjuskjema nr. M33

Intervju utført: 30.04.2015 av Arne P. Sunde Namn intervjuobjekt: Johan Gjørven Adresse: Gjørven, 6783 Stryn	Namn på kulturminnet: Minnestein for rasulukka på Gjørven i 1868	Geografisk plassering/tilkomst: På Kleiva innafor garden Ækra. Tilkomst med veg frå Gjørven. Gnr 64, bnr 6. Kartkoordinat X:6867510, Y:385284
---	--	---



Minnesteinen er reist på Kleiva der husa på Gjørven stod fram til rasulukka vinteren 1868. Johan Gjørven ved minnesteinen som har inskripsjonen: Minne om rasulukka 1868.

Generelt om interessa for kulturminne:

Eg er interessert i å ta vare på minne frå hendingar som har sett spor etter seg i fortida.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Dette er eit kulturminne som er sterkt knytt til forfedrene i Gjørven-slekta. Den store rasulukka som ramma garden Gjørven den 11. februar 1868 la øyde fire gardstun, og 11 menneske omkom. Talet på omkomne er litt usikkert, men dei fleste kjelder opererer med 11 omkomne. Etter rasulukka flytta 4 av dei 5 gardsbruka som høyrer til Gjørven frå det vi kallar Gamletunet og ned til flatene ved elva der dei ligg i dag. Berre Ækrebruket som var uskadd, vart att. Ækrebruket ligg på eit høgdedrag, og ovenfor garden ligg ein stor stein, og denne steinen var med på å dele fonna slik at Ækra ikkje vart ramma av raset.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

På vårt bruk, Jobruket, låg det att ei stor steinhelle som hadde vore brukt som golv i smalefjøs. Far min, Jens Gjørven, snakka ofte om at denne



Minnesteinen si plassering i landskapet.

steinen burde vore sett opp som eit minnesmerke over ulukka Brukarane på Gjørven gjekk i lag og fekk gjort dette rundt 1990.

På minnesteinen står det:

**MINNE
OM RASULUKKA
- 1868 -**


I tillegg til minnesteinen er det sett opp eit steinbord og ein steinbenk. Her er ein stille stad både for å ta fram dei gamle minna frå garden og nyte utsikten mot elva, Lysvoll og dalen.

Eg prøver å halde denne minnestaden ryddig, slå graset om sommaren og halde orden. Dette må gjerast kvart år, meir skal ikkje til.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Minnesteinen som vart sett opp i 1990 er til minne om ei hending som ramma fire gardsbruk og tre husmannsplassar som var heimane til om lag 40 menneske. Sjølv om folket som budde i dalen var vande med snøras om vinteren, så var februar 1868 ei grufull oppleving for fleire bygdelag i Strynebygda. Rundt 35 menneske omkom i snøras i løpet av knappe 3 veker denne februarmånaden.

Snøraset på Gjørven gjekk midt på dagen, i to-tida, 11. februar 1868. Det hadde falle uvanleg mykje snø denne vinteren. Det vart fortalt at det truleg ikkje hadde vore maken snøvinter verken før eller sidan. I starten på februar kom det eit brått verskifte, og dette utløyste nokre av dei verste snøskredulukkene på Vestlandet.



Dette kartutsnittet viser kvar gardane på Gjørven låg før raset i 1868. Raset var så stort at det dekkja truleg heilt dette kartutsnittet, i 4 – 500 m breidde. Lengst til venstre ser vi garden Ækra (64/3) slik den ligg også i dag. Austfor Ækra er eit dalsøkk langs grova Kverva. Det var i dette dalsøkket og austover at snøfonna tok med seg dei flesta av husa på desse bruka.

På Urabruket (64/4) omkom 5 personar. På Bakkebruket (64/1) omkom 5 personar. På plassen aust for Bakkebruket omkom ein gut på 3 år.

På Torbjørnbruket (64/6) og Jobruket (64/5) kom alle frå rasulukka i live.

Teikninga viser kvar gardsbruka var plassert, og ikkje kor mange og kva slag hus det var på gardane.

Husa låg langs den gamle bygdevegen frå Gjørven til Øvreide, og i 1868 budde det rundt 40 menneske i desse husa.

Raset på Gjørven kom i 4-500 m breidde og gjekk over elva mot Lysvoll. Bortsett frå Ækra som var uskadd, vart både Urabruket og Bakkebruket jamna med jorda. Dei to andre bruka, Torbjørnbruket og Jobruket, fekk omfattande skadar.

På Jobruket hadde dei nettopp ete middag. Vesle Kristianne 9 år, oldemor mi, ville vere litt for seg sjølv og gjekk inn i koven og la seg på senga. Koven der senga stod vende opp mot fjellet. Medan ho låg her kom fonna dunderande ned fjellsida. Glaset vart slege inn og snødrevet fylte rommet. Andre i huset kjem springande inn i koven for å sjå til henne. Dei finn henne uskadd, men senga hennar er full av snø.

Folk som hadde sett hendinga kom fort til staden, og saman med dei uskadde, starta dei å grave fram både døde og levande. 10 menneske frå to bruk vart funne omkomne. Ein gut på 3 år frå plassen nærast Bakkebruket vart graven fram i live, men døde seinare.

Dei 11 menneske som omkom, 6 vaksne og 5 born, vart gravlagde i ei felles grav ved Nedstryn kyrkje

Minnesteinen er plassert i området der Jobruket låg. I desse husa budde Kristianne, Johan Gjørven si oldemor. Ho var då 9 år.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Eg syns det er naturleg at folk som lever i dag blir gjort kjende med hendinga denne minnesteinen er reist til minne om.

Difor er det viktig at historia blir teken vare på og gjort tilgjengeleg.

Det var to andre store rasulukker den februarmånaden: 6. februar omkom 13 menneske i ras i Sunndalen og 26. februar mista 11 mennske livet i snøras på Tenden. Det vil vere naturleg å ha eit felles minne om desse tre alvorlege ulukkene.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Ingen kommentar.

Intervjuskjema nr. M34

Intervju utført: 30.08.15 av Matias Lunde Namn intervjuobjekt: Torild Mikalsen Nedreberg Adresse: 6783 Stryn	Namn på kulturminnet: Nedrebergtunet	Geografisk plassering/tilkomst: På Bergsida, rett opp for Linset Kartkoordinat X:6864238, Y:378062
---	---	---



Nedrebergtunet

Generelt om interessa for kulturminne:

Eg har stor interesse for kulturminne. Eg voks opp med ei gudmor som budde i eit freda hus. Det er ei Norddfjordstove som står enno. Eg MÅTTE vere der. Det var så interessant. Så flytte eg til Nedreberg, og der og var mykje gammalt. Spesielt har eg interesse for kvinnehandverk.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Det illustrerer godt kvinna si historie på garden. Eg er interessert i slektshistorie, og det er knytt mykje av det til garden.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Eg har vore med på å restaurere tunet. Det er verna gjennom bruk. Og eg formidlar til andre så dei får interesse av kulturminne. Nedrebergtunet er ope for publikum.



Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Eg kjenner gardshistoria. Det er eit gardstun med mange gamle hus. Og eg kan setje det inn i ein større samanheng. Ved eit studie i Volda, «Mat og kultur», fekk eg meir greie på kulturhistorie.

Svigerforeldra mine budde i det gamle huset på garden så vi fekk sjå korleis det var. Og dei fortalde mykje.

Husa var bygde mellom 1850 og 1872.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

At samfunnet ved å ta vare på det kan skape ringverknader. At det skal vere eit døme på at ein kan ta vare på hus sjølv om dei er gamle.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Nedreberg har omsynssone Bevaring kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel.

Intervjuskjema nr. M35

Intervju utført: 26.08.2015 av Odd Rønningen Namn intervjuobjekt: Anne Margrete Tonning Adresse: 6783 Stryn	Namn på kulturminnet: Olden Gamle Kyrkje	Geografisk plassering/tilkomst: Ligg i Olden sentrum vis-a-vis barne- og ungdomsskulen . Kartkoordinat X:6857659, Y:384459
--	--	--



Anne Margrete Tonning i kyrkjebygget frå 1759. Ho er her så ofte ho kan. Her er det som tida har stått stille.

Generelt om interessa for kulturminne:

Eg kjem ifrå ein slektsgard i Oldedalen. Både far og bestefar var svært opptekne av det gamle. Dette har også eg fått i blodet, og både kunst og kultur har stor interesse.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

I veglause Oldedalen var det ingen kyrkje eller gravplass. Likevel var det forventa at vi skulle gå til kyrkje minst fire gonger i året. Både mine foreldre og besteforeldre er gravlagt på kyrkjegarden ved Olden gamle kyrkje. Dette var vår kyrkjegard. Kyrkja vart delt slik at mannfolka sat til høgre og kvinnene til venstre for midtskipet sett mot altertavla. Familien Myklebust frå Oldedalen hadde sin bås lengst framme i hovedskipet. Var det fullt i båsen, kunne ein sitte heilt framme i klokkarstolen. For oss var det gjevt å kunne sitje så langt framme i kyrkja. Fyrst i 1976 vart det opna for gravplasser på den nye kyrkjegarden i Olden. Men framleis kan ein søke om gravplass på den gamle kyrkjegarden.

Eg synest det er fantastisk at ei så gamal kyrkje framleis står oppreist.



Den gamle kyrkja står på trygg kyrkjegrunn. Her har stått kyrkjer heilt attende til 1300-talet. Kyrkja frå 1759 er ei såkalla Korskyrkje – forma som eit kors

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?


Eg marknadsfører kyrkja så godt eg kan. Når eg har guida turistar i Olden har eg til dømes teke med litt informasjon om kyrkja.

I tillegg brukar eg kyrkja. Eg er ofte på arrangement her, slik som 17-mai og i Olsok-konsertane. I Oldendagane er det no arrangert orgelkonsertar på kveldstid. Det gamle trøorgelet vert framleis nytta.

For få år sidan gifta sonen og svigerdottera seg i kyrkja i Olden sjølv om dei bur i Stryn sentrum. Arrangementet var veldig positivt og spesielt.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Kyrkja – slik ho står i dag – var ferdig bygd i 1759. På 1700-talet var det lite kyrkjebygging, og gamlekyrkja i Olden skal vera den einaste frå dette hundreåret som står att i fylket, ved sidan av kyrkja i Ålhus. Det har stått kyrkje på staden heilt tilbake til 1300-talet. Ca 1720 la kongen kyrkjene i Norge ut for sal. Kyrkja i Olden vart seld til ein privatperson Tonning i Stryn i 1724. Den dag i dag kan ein sjå våpenskjoldet til Tonningætta over kyrkjedøra. Stavkyrkja som stod her vart riven i 1746. Ny kyrkje vart bygd same året – ei langskipskyrkje som stod på tvers av dalen. Denne vart teken av uvær. Ny kyrkje, denne gongen ei korskyrkje, vart bygd i 1759. Denne står framleis. Altertavla i kyrkja er frå 1772.



Altartavla vart restaurert av riksantikvaren i 1970-71.

Olden gamle kyrkje var i Tonning-ætta og seinare Vik-ætta sitt eige fram til 1892. Då vart ho kjøpt tilbake til Oldensokna.

Det gamle kyrkjebygget inneheld mykje historie. Mellom anna finn ein på eine kyrkjeveggen ein madonna-figur. Denne er sjølvsagt frå den katolske kyrkja. Årsaka til at den heng her er at det er ei gåve frå Singer, som har betydd så mykje for Oldenbygda.

Singer tilbaud seg også å påkoste store reparasjonar på den gamle kyrkja. Kyrkjedepartementet hadde gjeve signal om at dei ikkje ville godkjenne slik ombygging av kyrkja som var naudsynt for datidas bruk. Dermed vedtok soknerådet at det skulle byggast ny kyrkje. Saka gjekk fram og tilbake. Det var stemning både for å rive gamlekyrkja og bygge ei ny på tomta, og det var stemning for ein kraftig utviding av gamlekyrkja.

I 1934 vart den nye kyrkja på Brynstad i Olden reist.

Gamlekyrkja vart reparert i 1969. Det vart då avdekt fleire graver frå 1600-talet. Ein fann også at ein stor del av materialane i stavkyrkja var nytta om att i undergolvet i den noverande kyrkja. Større myntfunn vart også gjort.



Mannfolka måtte henge hatten sin på kredsene, damene på motsett side hadde hovudplagget på. Fleire av kredsene har initialar til brukaren.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Det er viktig at ein støttar opp om interessegruppa for gamle Olden kyrkje. Det viktige er å vedlikehalde kyrkja slik at ein beheld ho slik ho er i dag. Kyrkja har tydeleg hatt fleire lekkasjar i taket opp gjennom tida. Tett tak er det aller viktigaste. Bygget manglar overrisslingsanlegg mot brannskade. Brannalarmar er på plass.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Olden Gamle kyrkje er bandlagd i kommuneplanen sin arealdel. Bandlegginga er i høve kulturminnelova, med bakgrunn i at dette er ei listeført kyrkje.

Intervjuskjema nr. M36

Intervju utført:	av Dag Vanberg	Namn på kulturminnet:	Geografisk plassering/tilkomst: Gnr 126, bnr 74.
Namn intervjuobjekt:	Harald Runde		På noverande prestegard i Innvik
Adresse:	6793 Innvik	Prestestabburet	Kartkoordinat X:6860025, Y:374557



Prestestabburet i Innvik med Harald Runde på troppa.

Generelt om interessa for kulturminne:

Dette kulturminnet står no på noverande prestegard i Innvik der eg og familien min har bustad. Det er OvF (Opplysningsvesenets Fond) som er eigar av stabburet. Dette på grunn av at alle prestegardane, med alle bygningar, høyrer til OvF. Må då óg få legge til at nokre prestegardar, vart tidlegare, med prestegardsjorder, selde til private kjøparar. I og med at stabburet står på prestegarden der vi no bur, så brukar vi bygningen til å setje inn ymse ting for lagring. Og så stablar vi ved under stabburet.

Stabburet har eit indre rom (5,25. 5,60m) som er lafta, med eit ytre rom rundt som ein hesteko, ca. 1,50m breitt. Det indre rommet har vindaug vendt mot nord og ei dør som fører inn til rommet. Det ytre rommet har ytterdør, med to små vindaug ved sida av inngangsdøra. I og med at stabburet er freda, så tenkjer vi at vi må stelle fint med bygget, så det ikkje blir gjort skade på, verken innvendig eller utvendig.



Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Vi får seie at vi har fått det «opp i fanget» som kulturminne, då det står på prestegarden der vi bur til dagleg. På veggane i det inste rommet, er det vakre, svarte border på dei to øvste stukkane. Så er det ein svak, brunraud farge på resten av stukkane, med nokre border på dei nedste.. Det er eit staseleg byggverk, og det bør så absolutt vere eit kulturminne.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Eg har ikkje gjort så mykje med stabburet sjølv, men OvF hadde våren og sommaren 2014 ein større reparasjon på stabburet. Då vart deler av bordkledninga som var dårleg, skifta ut med nye bordfjøl. Så vart stabburet måla utvendig, både bordkledninga, vanborda og listene rundt vindauga og dørkarmen. I tillegg vart det laga ei ny inngangsdør med nye hengsler, då «gamledøra» var i dårleg forfatning. Det vart óg skrapa av mose på taket. No kan alle sjå det vakre stabburet frå Vagstadkrysset i Innvik sentrum.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Det er ikkje tvil om at Stabburet er særskild viktig og verdifullt for Innvik, ja, heile Stryn kommune. Ei gammal segn fortel at etter reformasjonen (1536/37), vart denne bygningen, kalla Skådikyrkja, flytta frå Kyrkjebø på Skåden og opp til den gamle prestegarden. Der vart ho nytta til bispeloft. I presten Peder Finde si tid (1707 – 1748) vart bygningen nytta til stabbur. I 1962 vart stabburet flytta til den noverande prestebustaden. Ut i frå segna og alderen, kan ein seie at stabburet har ein høg antikvarisk verdi. Det er verkeleg eit kulturminne å ta vare på!

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Eg forventar at samfunnet og noverande eigar OvF tek vel vare på stabburet. Det går no føre seg ein diskusjon om kva ein skal gjere med dei noverande kyrkjegardane. Nokre meiner at staten (OvF) bør selje prestegardane. Det siste ordet er enno ikkje sagt om dette. Men det er å håpe at samfunnet kan ta seg skikkeleg av dette minneverdige kulturminnet. Riksantikvaren har freda bygget.



Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Stabburet er bandlagd i kommuneplanen sin arealdel. Bandlegginga er i høve kulturminnelova, med bakgrunn i at dette er ein vedtaksfreda bygning.

Intervjuskjema nr. M37

Intervju utført:	08.12.14 av Inger Fure	Namn på kulturminnet:	Geografisk plassering/tilkomst: Gnr 16, bnr1. Grasdalen i Oppstryn. ... meter vest om øvre tunnelopning i Grasdalstunnelen på rv.15.
Namn intervjuobjekt:	Inger Fure		<i>Lokalitet Grasdalen 2 (S20), ID 132501 i Kulturminnesøk.</i>
Adresse:	Folven, 6798 Hjelledalen	Raffelsteinen (hiller) nytta til overnatting	Kartkoordinat X:6873045, Y:410280



Inger Fure ved Raffelsteinen sett frå vest.

Generelt om interessa for kulturminne:

Har alltid vore oppteken av historie om gamle dagar og namn på stader. Hadde mange rundt meg som fortalde historier og namn på plassar rundt om i Oppstryn, så no prøver eg å ta bilde av gamle utlader, gardfjøsar, hellarar og skrive opp namn på stader i utmarka som eg veit.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Fordi den har ei historie som går langt tilbake i tid og fortel om korleis bøndene måtte passe på dyra sine i eldre tider.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?


Har ikkje gjort noko då det er Erdølene som eig dalen, men det hadde vore fint om det hadde blitt sett opp eit skilt som fortalde litt om hellaren.



Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Raffelsteinen er ein hellar som er mura rundt og "døropninga" vender mot vest. "Takhøgda" er om lag ein meter, golvflata er på rundt 4x5m. Den har truleg vore brukt som herbyrge av folk lenge før den vart brukt av gjetarar som passa på buskapen. I Grasdalen har det og vore drive reinsjakt gjennom tidene, så den har vel vore brukt av jegerane og.

Før vegen vart utskoten gjennom Glæra i 1854, var Grasdalen lite nytta til beite, men i 1836 slo alle brukarane i Erdal seg saman og kjøpte Grasdalen til beitemark. Det var særleg sauene dei ville ha der. Dei første åra reiste dei opp Hjelledalen og Videdalen fram til Steinhusbrua, der går det ei fjellskore på nordsida av dalen mot nordvest. Denne skora har fått namnet "Jo-skora" og her kom dei seg opp med sauer og over i Grasdalen. Fleire stader rundt Raffelsteinen er det spor etter små innhegningar eller kvier, men snøskred har ruska i dei, så det er ikkje så godt å sjå korleis murane såg ut. Sauene måtte ha gjetar til å passe på seg, for det var mykje rovdyr på den tid. Kvar kveld vart sauene samla kring steinen. Der vart sauene og lamma skilde, så gjetaren kunne få litt mjølk om morgonen til å koke suppa eller graut, mjøl hadde han med seg heimanfrå.



Gjetinga gjekk på omgang mellom brukarane og dei hadde børs med seg. Gjetinga tok slutt på slutten av 1800-talet. Seinare var steinen nytta som kvileplass av dei som arbeidde i Geiranger. Ein gong var det nokre karar som hadde med for lite mat, ei som var i følge hadde rikeleg med wienerbrød med seg, men dei delte ho ikkje med karane, dei måtte betale godt for å få smake. Ho starta seinare butikk. No er det mest sauene som har nytte av Raffelsteinen, den er tydeligvis god å ligge under når veret er stygt, trur takhøgda minkar etter kvart.

Meir opplysningar i Årbok for Nordfjord 1986 s. 109 -116 Skrive av Ragnar Standal.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Opplyse om det, så fleire kan sjå denne hellaren som held på å gå i gløymeboka.



Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Tiltak: Informasjonsopplegg.

Intervjuskjema nr. M38

Intervju utført: 31.07.2015 av Odd Rønningen Namn intervjuobjekt: Johnny Tvinnereim Adresse: 6796 Hopland	Namn på kulturminnet: Randasaga	Geografisk plassering/tilkomst: G.nr 170, bnr 3 Tilkomst via skogsveg frå Sør-Markane, gjennom Randaskogen til Vikaelva. Kartkoordinat X:6868210, Y:366210
--	---	--



Johnny Tvinnereim ved tuftene av Randasaga. Det meste av treverket er no vekke. Berre 4-5 veggstokkar og ein grov treaksel i drivet av saga ut mot elva står igjen. Inntil saga stod i si tid ei tømmerkoie og eit redskapshus/lagerhus.

Generelt om interessa for kulturminne:

Eg er generelt interessert i kulturminnebevaring, og i større grad enn det eg oppfattar som normalt i den jamne befolkning. Spesielt på det som går på bygningar, men også historie. Mitt spesialområde er våpenhistorie. Eg har restaurert ei rekke gamle bygningar.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Fordi dette er eit svært viktig kulturminne. Viktig fordi saga må ha hatt vesentleg betydning for busetjinga vi har hatt i Randabygda – mi heimegrend. Det er ved å bruke denne saga ein har kunna skaffe materialer til husbygging i Randabygda på motsatt side av fjellet. Ein var både avhengig av den vekstrande furuskogen i Randaskogen, og å ha sag på denne sida av fjellet, fordi det ikkje var mogleg å utnytte vasskrafta i dei djupe gjela på Nordsida til oppgangssag. I tillegg var det lettare å frakte delvis tilskorne og tørka materialer enn heile, utørka stokkar gjennom Holmøyskaret. Til å frakte utørka stokkar måtte ein ha to hestar pr stokk.

Fordi eg sjølv er bygningsmann er eg til dømes spesielt oppteken av korleis ein skaffa seg materialer til bygging før i tida.



Randasaga sett frå elvesida. Saga var ei såkalla oppgangssag, med relativt liten storleik, men ein kunne saga ganske store lengder på ho.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Det eg har gjort så langt er at eg som 17-åring oppdaga at saga var samanrasa og falle i elva. Samanrasinga av saga skjedde opprinneleg allerede i 1920-åra. Eg tok fleire av dei store stokkane opp av elva og la dei på tuftene av saga, der dei framleis ligg. Ca 1976 hadde eg storopprydding av kratt rundt saga, og har halde dette vedlike sidan. Flaumen 2011 vart det gjort skade på muren mot elva. Eg mura opp att under murfoten. Eg meiner ein må ta vare på Randasaga slik ho ligg i dag. Ein må halde det ryddig rundt saga. Eg meiner vi ikkje må gjera forsøk på å restaurere ho. Eg har restaurert ei oppgangssag tidlegare; Saga i Sagedammen på Ulvedal. Det krev omfattande mange timar til slikt restaureringsarbeid, og då må ein vete at restaureringsobjektet får ein stor bruksverdi gjennom at mange nok kan oppleve restaureringsobjektet. Dette ville ikkje vore aktuelt for avsidesliggande Randasaga.



Den eine foten av fundamentet for sagbygget. Snart er det siste treverket vekke.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Randasaga vart bygd tidleg på 1800-talet av folk frå Randabygda på Nordsida. Det var folk frå denne grenda som utnytta skogressursane i Randaskogen, sjølv om denne låg eit godt stykkje unna. Utnyttinga av skogen var også grunnlaget for at Randabygda fekk tilkjent grunneigarretten på området.

Mange hus i Randabygda er bygd av tømmer frå Randaskogen, medan Hopland hadde meir furuskog ut mot Kvalen og også hadde eiga sag nede ved Hoplandsnausta.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Eg har ingen forventningar korkje til kommunen eller staten vedrørende dette kulturminnet. Å halde vekke åreskogen og krattet greier grunneigar sjølv.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Gardane i Randabygda (Tvinnereim, Skrede, Hammer, Rand og Åland) er eigarar (med kvar sine teigar) i området som er kalla Randaskogane, og ligg lengst vest i Markane (i Stryn kommune). Tradisjonen med skogbruk i området er gamal. Truleg har det vore drive hogst der av gardane i Randabygda i om lag 500 år. I samband med ein tvist om eigedomsrett og jaktrett i området på slutten av 1980-åra vart det referert til dokument heil attende til 1400-talet (1454), som vedkom eigedomskjøp i Randabygda, men der det og var nemd skogbruk som desse gardane hadde på nordsida av fjellet. Alt som vart hogge måtte seinare transporterast gjennom Holmøyskardet med hest, anten på vinterføre eller truleg og på berr mark. Randasaga som Johnny Tvinnereim har som sitt kulturminne vart bygd for å kunne sage og tørke material på staden, for å lette transporten seinare. I tillegg til sjølv sagehuset hadde dei og ei hytte til å bu i, og eit hus til materialtørking/lagring. Merke etter transportvegane er godt synlege i terrenget enno på fleire stader. Før saga vart bygd var det truleg til dels handsaging (stillas med ein mann under og ein oppe). Rasmus Nybø (f.1918) fortalde at han kunne hugse at han hadde sett rester etter slike konstruksjonar.

Tiltak på lengre sikt kan vera etablering av eit informasjonspunkt ved ruinane og eventuell merking av sti fram til sagruinane.

Intervjuskjema nr. M39

Intervju utført: 15.01.2015 av Arne P. Sunde Namn intervjuobjekt: Harald Rørtveit Adresse: Storesunde, 6783 Stryn	Namn på kulturminnet: Revefelle (Røvaføll)	Geografisk plassering/tilkomst: Gnr 38, bnr 1. Dispamarka v/Møsesvadet vestfor setra Ca. 400 moh. Tilkomst via skogsveg frå Dispen Kartkoordinat X:6867240, Y:390240
--	--	---



Harald Rørtveit ved revefella i Dispamarka. Her ser vi fronten/inngangen på fella og korleis feller kunne plasserast i terrenget.

Generelt om interessa for kulturminne:

Interesse for kulturminne knytt til garden og gardslivet har kome naturleg. Gjennom tradisjon, samarbeid og samtale med personar frå tidlegare generasjonar har denne interessa vorte vekt, og har også ført til at tradisjonar har blitt ført vidare.

Frå tidlege barne-/ungdomsår har denne interessa utvikla seg til kjennskap og kunnskap om desse kulturminna.

Interesse av å kunne ta vare på desse kulturminna, og formidle kunnskap om dei til etterslekta er ei naturleg følge av dette.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Ferdsel i skog og mark og jakt er aktivitetar som har vore dyrka sidan tidleg ungdomstid. Lærdomen som ein tileigna seg frå dei vaksne skulle prøvast ut. Alt tidleg i ungdomsåra var det vanleg å setje opp feller for å fange røyskatt, mår og rev. Tileigna kunnskap vart brukt til å bygge fellene, og å plassere dei på strategiske stadar i utmarka.

Dette var aktivitetar som var omfatta med stor spenning! Var der dyr i fellene når ein gjekk sjekkrunden for å kontrollere dei?

Vidare lærte ein seg å tilberede byttet. Det galt å kunne levere i frå seg eit best muleg skinn.

For røyskatt og mår var det skinnnet som gav utkome, for rev kunne ein i tillegg få utbetalt skotpremie.



Skinnpisane i 50-60 åra kunne variere frå nokre ti-tal kroner til opp i 2-300 kroner for eit fint skinn. Skotpremien var frå 100 til 150 kroner. Sjølvsgagt var inntekta av denne aktiviteten også motivasjon for å halde på.

Vi hadde ikkje så mykje TV-underhalding og dataspel i denne tida. Det å kunne finne på spanande aktivitetar sjølve, var vanleg i ungdomsåra.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Har sjølv bygd fleire feller etter gammal tradisjon og byggemåte. For at andre skal kunne få tilgang til å sjå desse kulturminna og få kunnskap om bruken av dei, kan det vere aktuelt å bygge ei slik felle i nærleiken av ein av turstiane i området. Med tekst og teikningar kan ein fortelle turgåarar både om funksjonen av slike feller, og kva betydning desse hadde for folk som budde i distrikta i eldre tider.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?


Jakt og fangst var ein ikkje uvesentleg aktivitet og attåtinntekt for mange som budde i grendene våre i tidlegare tider. Går ein endå lenger tilbake i tid, hadde jakt som livberging ein endå viktigare funksjon i husholdinga. Feller av det slaget som er teke fram i dette kulturminnet er nok ein eldgammal tradisjon. Denne jaktforma har likevel eksistert langt inn i vår tid, og er kanskje i bruk nokre stader den dag i dag.

Ein av naboane på Storesunde, Jens Davidsen Mindresunde, var ein av dei mest kjende av dei som dreiv med fangst av rev. Han hadde eit stort tal feller rundt i skogane i heile indre Nordfjord. Så stor var denne aktiviteten at han hadde betrudde folk som såg etter fellene for seg. Berre i nærområdet i Storesunde krins var det nok mellom 10 og 20 slike feller. Fella som vist til i dette intervjuet er ei av dei som er best teken vare på.

Slik eg ser det er jakt og fangst ein svært sentral del av gardshistoria, korleis menneska levde og korleis dei livberga seg oppgjennom åra.

Dette kulturminnet fortel også om kjennskapen folk hadde til naturen og til dyra. Innsikten i naturen og korleis dyra levde, ga også kunnskap og ferdigheiter om korleis dyra kunne fangast og gje verdfull utkome for dei som kunne handtere denne kunnskapen.

Teikning av revefella



Snitt Steinfelle til bruk for fangst av rev. (Teikn. Harald R.)

Bygd opp av steinheller. Alle trematerialar er av einer. Fella bør byggast på ein tørr stad og i eit terreng der reven vil ferdast.

Til agn brukte ein gjerne hovudet av ein katt, gjerne innsmurt med rotna fisk. Det siste var både for å sikre luktspreiing og hindre at lukt av menneske sat att på fella.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Formidling av kunnskap rundt kulturminne er eit fellesansvar for oss alle, altså eit samfunnsansvar.

Det er viktig at samfunnet anten på eige initiativ eller gjennom å gje støtte til kulturinteresserte "privat"- personar, legg tilhøva til rette for at kulturminner blir tekne vare på.

Dette kan skje gjennom at kulturminne blir vedlikehaldne eller at informasjon om dei blir samla og gjort tilgjengeleg.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Ingen kommentar.

Intervjuskjema nr. M40

Intervju utført: 30.04.15 av Ottar Ulvedal Namn intervjuobjekt: Hallvard Almenning Adresse: 6795 Blaksæter	Namn på kulturminnet: Sagedammen, Ulvedal Kulturpark.	Geografisk plassering/tilkomst: Ulvedal, Nordsida Stryn kommune. Kartkoordinat X:6858720, Y:368120
---	---	---



Hallvard Almenning ved Sagedammen.

Sagedammen inneheld desse elementa med kulturminneverdi:

- Oppgangssag
- Eldhus med steinovn / bakarovn, tørkehelle for korn og grue.
- Smie
- Bordskur
- Høvleriet, gammalt sagbruk, no brukt som museum med, skomakarverkstad, landhandel, det gamle kjøkkenet og bibliotek med vekt på skule og lokalhistorie.

Generelt om interessa for kulturminne:

Har vore hovudinteressa gjennom mange år. Det er interessant å kjenne den lokale historia si. Det gjev ein identitet og tilknytning til heimbygda, og det er kjekt å vise det fram for andre.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Denne staden spelte ei sentral i min oppvekst. Far dreiv sagbruk her og vi ungane måtte vere med på arbeidet gjennom heile oppveksten. Sjølv om dette var hardt arbeid,- barnarbeid, så var det lærerikt og skapte ei interesse som modnast i vaksne år. Det var ikkje berre arbeid, men også leik. M.a. var det bading i det vi då også kalla Sagedammen. Sagedammen var i praksis berre ei myr med ei elv som av og til vart oppdemd så der vart ein dam. Peder Ulvedal hadde planar som seinare vart ein inspirasjon til initiativet eg seinare tok.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Eg tok initiativ til å begynne arbeidet og har vore med i utviklinga frå 1994 til i dag. Det har vore eit fellesprosjekt der bygdene Blakset og Fjelli har samarbeidd. Nordsida Utviklingslag vart etter kort tid den formelle drivar av prosjektet og såleis har det også blitt eit prosjekt der Randabygda / Hopland også er deltakande.

Utviklinga føregjekk i denne rekkjefølgja:

- Rydding av skog.
- Utgraving av myra, bygging av demning og bygging av vegar til dammen.
- Oppattbygging av Gamlesaga / oppgangssag. Her stod berre murane att. Resten var ramla ned.
- Bygging av eldhus
- Avtale om bruk av Høvleriet. Etablering av museum med ulike tema og lokale for selskap og andre arrangement.
- Oppbygging av smie.

Dette gjekk føre seg samtidig med at Nordsida Utviklingslag restaurerte 7 kvernhus i Kvernhusdalen og ca.30 eldre hus (naustmiljø, uteløper, støylsmiljø m.m.) tilknytta gardane i dei tre bygdene.

Draummar for framtida:

1. Godt vedlikehald og forbetring av det vi har.
2. Oppattbygging av det siste og åttande kvernhuset, plassert ved Sagedammen som "demonstrasjonshus".
3. Flytte "bordskuret til ein betre plass. Bort frå vegen.
4. Flytting av stor løe. Grindverksbygg.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Viser til det som er skrive lenger oppe, men det vi veit blir for omfattande å ta med her. Det er nedskrive nokså mykje historie om dei ulike elementa i "Mitt kulturminne".

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

At det vert oppretta ei ordning som erstattar SMIL-midlane som no ikkje lenger vert tildelte til lag og organisasjonar. Det er forkasteleg å sparke beina under det fellesskapsbyggande kulturarbeidet som har vore gjort av eldsjeler gjennom mange år. Finn ein ikkje løysingar på dette, vil det føre til eit kulturhistorisk forfall av dimensjonar. Bøndene har ingen økonomiske interesser i å vedlikehalde det som ikkje kan brukast i næringssamanheng. Difor treng vi solide ordningar som støttar opp om gode initiativ på lokalplanet.

At kommunen ser verdien av det som er gjort og har forståing for at det årlege vedlikehaldet krev ein økonomisk innsats.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Sagedammen er bandlagd som kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel.

Intervjuskjema nr. M41

Intervju utført: 27.07.2015 av Odd Rønningen	Namn på kulturminnet:	Geografisk plassering/tilkomst:
Namn intervjuobjekt: Margunn Skarstein	Singerheimen.	Ligg på Muri, søraust om Olden sentrum.
Adresse: 6788 Olden		Kartkoordinat X:6857450, Y:384800



Margunn Skarstein med barnebarn framfor hovudbygningen på Singerheimen.

Generelt om interessa for kulturminne:

Interessa for kultur, og spesielt det som finst i nærområdet, kom då eg var godt vaksen. Eg meiner det er viktig å ta vare på gamle tradisjonar på alle område. Det gjeld gamle hus, gamle mat-tradisjonar, handarbeid og ulike teknikkar innan husflid, musikk og bildande kunst. Eg meiner det er svært viktig at dei som kjem etter oss får kunnskap om røtene sine og ser korleis samfunnet og levokåra har utvikla seg. Vi som vaksne må formidle den kunnskapen vi har og prøve å vekkje interesse hos neste generasjon.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Singerheimen, eller Dalheim som ekteparet Singer kalla det, ligg som eit blikkfang midt i Olden. Eignedomen grensar til garden der eg vart fødd. Vi ungane tykte det var spennande menneske som budde der. Sidan vi var venner med gutane til førstedama på Singer, fekk vi lov til å gå gjennom eignedomen når vi skulle til og frå skulen, sjølv om grindane var merka med «privat».



Singerheimen.

Eg hugsar kor spennande julegåvene frå Singerfolket var. Gardsbestyraren kom og leverte ein kasse som inneheldt kaffi, appelsinar og kjolestoff. Når vi opna kassa, lukta det naftalin. Då eg vart spurd om å overta som dagleg leiar for Singerheimen, var det ikkje vanskeleg å seie ja. Å gå gjennom hovudhuset og kjenne på atmosfæren i romma var heilt fantastisk. Eg følte at «frua» på ein måte passa på at eg gjorde jobben skikkeleg. Enkelte meiner at det spøkjer i slike gamle hus, men slikt trur eg ikkje på, og ikkje har eg merka noko heller. Eg var aldri redd for å vere der åleine verken dag eller kveld.

Gjester som var på besøk var imponerte over Singerheimen og takknemlege for å kunne få vere der. Slik er det i dag òg. Mange av gjestene kjem att år etter år. Det er viktig for meg at denne perla i bygda blir teken vare på. Det er ei stor bygningsmasse som det kostar mykje å halde ved like.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Eg har arbeidd i tre år som dagleg leiar på Singerheimen. I den perioden gjorde eg det eg kunne for å få orden på hagen, få meir omvising, fleire selskap og å få opp talet på gjestedøgn. Før mi tid som styrar var det Fylkeskommunen som eigde og hadde ansvar for drifta av eigedomen, men då eg overtok, var det ei stifting. Det førte til større ansvar for drifta for dagleg leiar og styret. Det var stort behov for vedlikehald på bygningane på eigedomen, og mesteparten av kostnadane måtte stiftinga ta. Dette har ikkje vore enkelt, og behovet for pengar til vedlikehald har berre auka.

I dag sit eg som styremedlem. Det er kommunen som har spurt meg om å sitje i styret. Styret er svært opptekne av framtida til denne flotte eigedomen. Vi må ta grep om verdiane før forfallet vert for stort. For kvart år som går ser vi nye «hastesaker». Styret arbeider aktivt for å skaffe midlar frå ulike hald.

Eg er òg medlem av venneforeininga som vart stifta for nokre år sidan og dei utfører mange timar med dugnadsarbeid kvart år. Vi ryddar og ordnar i skuffer og skap, vaskar, luker og ryddar i hagen og målar når det trengst.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Ekteparet Singer kom til Olden i 1913. Då dei såg Oldenbygda frå Rake, bestemte dei seg for at dette skulle vere heimen deira om somrane. Dei kjøpte tomt, og Singer fekk bygd atelieret sitt. Det stod ferdig i 1914. Ekteparet budde på Yris hotell under første verdskrigen. Her bygde hotellverten ein eigen fløy til ekteparet, Singerfløyen. Fru Singer teikna korleis ho ville ha hovudhuset, og i 1921 stod villaen ferdig. Seinare vart det bygd fjøs, drengestove, kafè, gjestehus, vedahus, stabbur og ishus.

Dalheim, som Singer kalla eigedomen, var arbeidsplass for mange, både i frå bygda og tilreisande. Alle førstedamene til frua var frå Gudbrandsdalen. Ho meinte at dei var meir reinslege enn dei frå bygda. I tillegg til dei som arbeidde på garden og i huset var det mange som leverte varer som ved og is. Det vart fyrt i alle rom så dei trong mykje ved, og ishuset skulle vere fyllt når Singer kom for å fiske laks. Singer kom til Olden kvart år i mai og reiste til Laren i Nederland om hausten. Dei hadde bygd seg hus i Laren, der dei budde om vinteren. Tenestefolket i Singer var svært lojale mot arbeidsgjevarane sine. Det var sagt at i starten var løna god, men den steig ikkje i takt med lønsaukinga i resten av samfunnet. Likevel vart dei verande, og dei vart sette pris på av kunstnarparet, ofte i form av fine gåver. Det er sagt at den som hadde hatt teneste hos Singer kunne få seg teneste over alt.

William Henry Singer og Anna Spencer Brugh Singer var rause personar og har sett spor etter seg .

Dei finansierte Nordfjord sjukehus som stod ferdig i 1936. Legane fekk frie hender til å kjøpe det utstyret dei trong, og på den tida var det det mest moderne sjukehuset i landet.



Singer sitt atelier, no utstillingslokale for hans kunst.

Same året var vegen Olden-Innvik ferdig. Det var Singer som forskoterte denne vegen og som tok i mot kong Haakon då vegen vart åpna.

Elles gav Singer gåver til kyrkja og ungdomshuset og hjelpte privatpersonar som hadde økonomiske vanskar. I ein periode gav dei konfirmasjonsgåver til alle konfirmantane i bygda. Singerfolket måtte vere på Dalheim under andre verdskrigen og her døydde William i romjula 1943. Han vart balsamert på Nordfjord sjukehus og låg der medan det vart bygd eit mausoleum på eigedomen. Her ligg ekteparet i kvar si kiste med norsk, hollandsk og amerikansk flagg på kista. Fru Singer døde i 1962.

William Henry Singer var fødd i Pittsburg i 1868. Han var son av ein stålmagnat og foreldra sin tanke var at han skulle overta bedrifta.

Anna Spencer Brugh var fødd i Maryland i 1878. Ho var dotter til ein plantasjeeigar.

Desse møttest då Anna var knapt 16 år, og då ho var knapt 17 år, gifta dei seg.

Med god hjelp frå Andrew Carnegi fekk Singer overtalt faren til å late han få gjere det han helst ville, nemleg arbeide med kunsten. Han arva enorme pengesummer av faren. Det gjorde at han og kona kunne reise til Europa . Han studerte kunst i Paris før dei la vegen til Laren. Laren er ein forstad til Amsterdam og i den tida budde det mange kunstnarar der. Singer var mest oppteken av naturen og etter ein del år med flate landskap var det tid for å oppleve noko anna. Det var kunstnarvennen Martin Borgord som tok han med til Noreg.

Ekteparet har sett spor etter seg mange stader i Noreg, men det er heimen i Olden og hytta i Tydal som er teke best vare på. Mange av dei mest verdifulle gjenstandane frå Dalheim er på Vestlandske kunstindustrimuseum i Bergen.

I Laren er det eit stort museum, det same i Maryland i USA.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Før fru Singer døde testamenterte ho eigedomen til Nordfjord sjukehus. Dessverre følgde det ikkje midlar med denne gåva, men ekteparet Singer gjorde mykje for lokalsamfunnet og fortentar vel å få litt igjen.

Eg håper at samfunnet får opp augene for den verdien som ligg i denne kulturskatten og forstår at utan hjelp vil ein ikkje greie å setje bygningsmassa i stand. Det er eit svært stort behov for vedlikehald av alle bygningane, først og fremst utvendig. Sjølv om det er stor interesse frå mange om å ta eit tak, så kan ein ikkje forvente at alt skal gjerast på dugnad.

Eg forventar at samfunnet stiller opp med midlar slik at vi kan få redda bygningane. Dersom vi får hjelp til det kan ein kanskje greie å drifte Singerheimen.

Eg håper at Singerheimen vert freda og at ein då vert teke eit større ansvar for eigedomen.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Singerheimen har omsynssone Bevaring kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel.

Intervjuskjema nr. M42

Intervju utført: 15.01.2015 av Arne P. Sunde Namn intervjuobjekt: Magne Garlid Adresse: Garlid, 6783 Stryn	Namn på kulturminnet: Slettelada	Geografisk plassering/tilkomst: Ovanfor myrane rett under Lidaaksla Ca.600 moh. Frå Garlid på vegen mot Skårsetra Kartkoordinat X:6869483, Y:386816
---	--	---



Magne Garlid ved det som står att av murane av Slettelada. Lada høgt og fritt rett under Lidaaksla, ca. 600 m o h. Lada ser murt opp av store steinar og er om lag 5 m frå framkant til bakkant.

Generelt om interessa for kulturminne:

Interessa for kulturminne er tett knytt til oppvekst og opplevinga heilt frå barneåra. Interessa er også stimulert ved at eldre folk i familien har fortalt frå tida dei vaks opp i og kva opplevingar dei hadde. Mange av dei lokale kulturminna knyter seg naturleg til garden, gardsdrifta og naturen. Oppveksten var prega av å leve i pakt med naturen og skaffe seg kjennskap til dei ressursane naturen kunne gje, og korleis ein på best muleg måte kunne nyttiggjere seg desse.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

På mange gardar var utløe i bruk langt ut i 60-åra. Kvar gard i vårt område hadde minst eit par utløe. I området Garlid/Skår er det restar av 4 -5 utløer. Ingen av desse er i brukbar stand i dag. Ofte når ein gjekk i skog og mark, kom ein fram på murar eller bygningsrestar som ein fort kunne definere som utløeruinar. Slettelada er spesiell på mange måtar. Den ligg høgt til fjells. Den er bygd av stein og er rimeleg stor. I tillegg til dette er den nok svært gammal. Johannes Garlid, 99 år i 2015, som vaks opp i Garlid, kan hugse at han var med far sin på utmarksslått rundt Slettelada. Dei slo gras og blom som dei tørka og hadde inn i utløa. Om vinteren vart



Når ein står i desse omgjevnadane undrar ein seg på kven dei var dei som bygde denne lada, og korleis dei gjekk fram for å få til dette byggverket.



Slettelada slik ein kan sjå for seg at den såg ut den tida den var i bruk. Veggane på tre av sidene vart murt opp av store steinar. Ofte brukte dei lauvkjerv til å dekke opningen i fronten av utlada. Dette gav både ly for ver og vind, og på same tid var det god lufting for høyet som var lagra i lada. Teikning: Laila Garlid.

dette henta heim til fjøsen, og var utmerka fôr til sauene.

Løa var såleis i bruk framover til ut i 30-åra. 30-åra var ei vanskeleg tid for folk både i by og på landet, og det var nødvendig å utnytte alle tilgjengelege ressursar.

Mange interessante tankar melder seg når du står ved eit slikt kulturminne:

- Kven var folka som bygde denne løa, og kvifor plasserte dei den her?
- Korleis bygde dei løa?
- Kva reiskap hadde dei å hjelpe seg med?
- Når og korleis gjekk slåttearbeidet for seg?
- Korleis frakta dei høyet heim til garden?



Arbeidet med å rekonstruere Garlidmyralada er i gong sommaren 2015. På bildet ser vi at grindeverket av ei ny lade er i ferd med å reise seg på dei gamle murane.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Setje i stand dette kulturminnet vil vere ei stor oppgåve. Skal dette gjerast på gamlemåten, vil det nok ta både tid og krevje store ressursar.

Det er utlør som er meir aktuelle både i høve til ferdsel og mulegheit for restaurering.

Planen er å restaurere Garlidmyralada som ligg ved setreråsa til Skårsetra.

Denne utlada er bygd meir tradisjonelt med trematerialar på ein grunnmuren. Grunnmuren er intakt og løa kan difor plasserast på denne med dei same mål som løa som stod der frå før.

Det kan også vere aktuelt å setje opp informasjon på løa om dette kulturminnet og kva funksjon det hadde i gardsdrifta i eldre tid.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Slettelada er ei utløe som er svært gammal. Dei fleste utløene vart bygd av trematerialar, gjerne slike som var tilgjengelege i næromdet der løa vart bygd. Det som er spesielt med Slettelade er at veggane er murt opp i stein. Som ein vil sjå av bildet er mange steinar ganske store, og med dei hjelpemidlar dei hadde i den tid løa vart bygd, var det nok ei ganske stor utfordring å få opp desse murane.

Taket har vore av tremateriale og kanskje never og torv, men dette finn ein ikkje restar av i ruinane i dag.

Løa er truleg bygd tidleg på 1800-talet. Løa ligg også høgt oppunder skredene under Lidaaksla, ca. 600 moh.

Ser ein på nærområdet rundt denne løa, finn ein fort ut at her har det vore god slåttemark. På 1800-talet og langt inn på 1900-talet var det lite skog i desse

områda. Graset hadde gode vekstvilkår. Tilhøva på dei flesta av gardane i bygda var slik at innmarkslåtten gav ikkje nok avkastning til å strekke til ein heil vinter. Utmarkslåttane var difor eit kjærkome supplement til heimeslåttene. Etter at heimeslåttene var ferdig, var det tid for å slå utmark. For fôrverdien var ikkje dette ideelt. Fjellgraset hadde mista mykje av næringsverdien på denne tida, og måtte nok i mange tilfelle reknast som vommafyll for dyra. Graset vart slege og tørka, oftast på kverv, før det vart plassert i utløa. Det var også vanleg å lage lauvkjerv på desse stadane. Kjerva vart plasserte i opningane i løa som ly for ver og vind, men gav på same tid god lufting inne i løa. Som oftast vart høyet henta til gards på vinterføre. Nokre stadar brukte dei hest til denne transporten, andre stader tok dei i bruk slode og drog det på snøen. Seinare vart det også sett opp løypestrengar til å sende ned både høy og ved.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?


Formidling av kunnskap rundt kulturminne er eit fellesansvar for oss alle, altså eit samfunnsansvar. Det er viktig at samfunnet anten på eige initiativ eller gjennom å gje støtte til kulturinteresserte "privatpersonar", legg tilhøva til rette for at kulturminner blir tekne vare på. Dette kan skje gjennom at kulturminne blir vedlikehaldne, eller at informasjon om dei blir samla og gjort tilgjengeleg.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Ingen kommentar.

Intervjuskjema nr. M43.

Intervju utført: 31.01. 2015 av Inger Fure	Namn på kulturminnet:	Geografisk plassering/tilkomst: Gnr 9, bnr 2.
Namn intervjuobjekt: Tor Glomnes		Vest på garden Glomnes, Skarpenes
Adresse: 6798 Hjelledalen	Smihelljaren	Kartkoordinat X:6866793, Y:399405



Tor Glomnes under Smihelljaren i Skarpeneset på Glomnes.

Generelt om interessa for kulturminne:

Har blitt meir interessert i det med åra, hadde mindre tid å tenkje på det før.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Eg har vokse opp med det, og det var ein litt spesiell plass å vere på då vi voks opp.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

No ligg det på nabo-eigendomen, så eg kan vanskelig gjere noko for å ta vare på det.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

På garden Glomnes er det fleire hellarar, dei fleste i Skarpenes. Den største, og mest brukte er Smihellaren , i dagleg tale "Smiheljaren". Den ligg lageleg til på gard 9/2, og vart brukt til lagerplass for felles reiskap m.m. fram til ca. 1980 talet. Eg hugsar at slåmaskina, kappsaga og ein del anna vart lagra der. Endå står der reiskap som minner om den tidligare bruken. Omkring 1950 vart inngangen til hellaren utvida i høgda, slik at det vart lettare å kome inn med større reiskap som såmaskin og liknande. Hovuddelen inne har god



Hellaren er danna i grensesone mellom underliggende meir skifrig bergart og overliggende massiv bergart. Det skifrige fjellet var godt eigna til å mure igjen hellaren som vern mot vær og vind.

høgd, over 2 meter. Også betre veg til den vart ordna på same tid. Vi veit ikkje sikkert korleis den fekk namnet sitt. Men det er trulig at det i tidligare tider var smie. Her var god plass, luftig og skjerma for vind og regn. Og så trong ein ikkje vere så redd for at varmen spreidde seg. På 1800-talet fekk begge bruka kvar si smie nærmare sjølve garden, der var det lettare å hente vatn. Då vart desse brukt i staden for hellaren i Skarpenes som låg langt frå husa, og utan vatn.

Det er fortalt at det vart baka brød der i ein oppmura bakaromn som var der. Her er lagdelt fjell, og ikkje så tjukke lag (ca. 10cm) Såleis var det lett å mure opp ein omn og ei esse med det utstyret smeden trong. Det er og fortalt at det vart steikt brød i ein av dei mindre hellarane lenger vest.

Då ei snøfonn tok ut plassen på Segestad 13.jan 1902, vart ein del høy frå låven frakta ned til Glomnes og lagra under hellaren. Det var nok kome ein god del mugg idet, og eigaren fekk etter dette store plager med astma. Plassen på Segestad vart ikkje bygd opp att. Under krigen (1940-45) vart ein del meir verdifulle ting lagra her. Ikkje mange visste om staden, og inngangen var, då som no, godt skjerma. Vi veit at folk m.a.

frå Hjelle lagra ein del ting der, også under nokre store steinar næmare husa.

Som barn var det litt spanande å kome til Smihellaren. Det var liksom ei spesiell stemning. Om vi ikkje tenkte historie då, så låg det liksom noko i ”veggane.” Som eldre kjem det meir fram. Budde her folk alt i Steinalderen før enkle hus vart vanleg? Og korleis var det å bu her?

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

At det skal få stå slik som det er.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Ingen kommentar.

Intervjuskjema nr. M44

Intervju utført: 30.04.2015 av Dag Vanberg	Namn på kulturminnet:	Geografisk plassering/tilkomst: Gnr 122, bnr 177. Solsteinen står på kyrkjegarden i Innvik.
Namn intervjuobjekt: Per Heggdal		Kartkoordinat X:6860177, Y:374638
Adresse: 6793 Innvik	Solsteinen.	



Generelt om interessa for kulturminne

Heile mitt vaksne liv har eg vore oppteken av historie, og då særleg lokalhistorie. For meg er det viktig at vi tek skikkeleg vare på dei kulturminna vi har i Innvik. Men det hastar! Utan slike minne, vert Innvik ei fattigare bygd å leve i.

Kvifor er dette «Mitt kulturminne»?

For meg er solsteinen på Innvik kyrkjegard noko av det aller viktigaste og mest verdifulle kulturminne vi har i Innvik, ja, heile Stryn kommune. Steinen er ei minning om den tidlege kristendomen i området, og viser den nære kontakten med andre land.

Kva har du gjort og kva kan du gjere for å ta vare på «Mitt kulturminne»?

Stryn historielag, som eg er medlem av, har dei siste åra ved fleire høve peika på at det er svært viktig at solsteinen vert teken skikkeleg vare på. Ver, vind og anna slitasje gjer at steinen er utsett for forvitring og anna slitasje – så det er no på høg tid at steinen vert sett innatt i våpenhuset i kyrkja.

Kva veit du om «Mitt kulturminne»?

Solsteinen er svært gammal, truleg frå tida før 1500. Han vart flytt frå den gamle kyrkjestaden på Hilde, kalla «Gamlekjerkja». Steinen vart funnen av Arne Larson Reme (1828-1909) som hadde kjøpt Hans-bruket – og



seinare lagt på grava hans.

Ei tid stod steinen inne i våpenhuset før han i 1960-åra vart flytt ut på kyrkjegarden att.

Solsteinen er trapesforma, med eit solkors i øvre enden. Han er av kleberstein. I Ålandsboka er han nemnd som ein gravstein, men kan og vera lok på ei klebersteinkiste. Solhjuleet er eit likearma kors, med ein ring (sirkel) omkring, eller eit hjul med fire eiker. Solhjulet (solkorset) er eit av dei eldste symbola vi kjenner, og er brukt over heile verda. I Noreg finn vi solhjulet i helleristningar frå bronsealderen.

Med kristendomen vart solkorset eit symbol på Kristus i himmelrommet. Dei hogg eit lite kors i midten av solhjulet.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Solsteinen på Innvik prestegard er sliten av ver og vind, og solkorset tek til å bli viska ut. Det som no er viktig å gjere med steinen, er å finne ein plass i kyrkja der han står trygdt under tak. Der kan ein og setje opp ei informasjonstavle der ein kan lese om solsteinen.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Ingen kommentar.

Intervjuskjema nr. M45

Intervju utført: 04.02.2014 av Odd Rønningen	Namn på kulturminnet:	Geografisk plassering/tilkomst: G.nr/b.nr 45/160
Namn intervjuobjekt: Halldis Hagen		På avsats i fjellet på Øvre Visnes, sør for Stryn sentrum.
Adresse: Kipervegen 18, 6783 Stryn	Tyske skytestillinger på Visnes.	Tilkomst leikeplass/grøntområde i Kipervegen
		Kartkoordinat X:6864560, Y:379595



Halldis Hagen ved Storehola – skyttargrav og tilkomstveg mot to hillarar under fjellveggen.

Generelt om interessa for kulturminne:

Eg har alltid vore interessert i historie. Krigshistoria vekte spesiell interesse i skuletida. Då eg kom til Visnes i 1965 og gjekk tur i det flotte turområdet i nærmiljøet oppdaga eg plutsleg ei godt bevart skytestilling oppmura i terrenget. Dette vekte interessa for å bevare dette kulturminnet. Mi interesse for kulturminne gjeld fyrst og fremst kulturminne frå «den nære fortid», ikkje arkeologi. Kulturminne må vera noko ein kan knyta sitt eige liv til, noko som viser korleis vi levde. Det må ligge ei sann historie bak eit kulturminne.

Det er ikkje mogleg å gløyme eller fornekte den andre verdskrigen når spora etter det som skjedde ligg synleg i terrenget.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Årsaka til at eg vel dette som mitt kulturminne er at eg er interessert i krigshistoria, samstundes som dette kulturminnet ligg så nær min heim plass at eg føler eit ekstra ansvar for å vera med å ta vare på det. Som fleirårig medlem og leiar i Visnes Velforening har eg følt eit ekstra ansvar for å ta vare på dette kulturminnet.



Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Eg har teke på meg leiarvervet i Visnes Velforening, der ei av oppgåvene har vore å ta vare på det viktige grøntområdet, inkludert skyttargravene og leikeområdet på Visnes. Eg har sjølv delteke i arbeid med informasjon om kulturminnet, som da vi bygde eit informasjonspunkt med infotavle forma som ein gapahuk. Vi har rydda kratt og gjort det fint for folk å gå i terrenget.

Eg har vore i kontakt med kommunen ved fleire høve med spørsmål om kommunen ikkje snart skal engasjere seg for å ta vare på krigsminnet og grøntområdet. Eg har vore i kontakt med fylkeskommunen, kulturavdelinga, med spørsmål om det var høve til å restaurere øydelagte skytestillingar. Vi har også teke kontakt med kommunen for å unngå utbygging av grøntområdet på Visnes.

Eg stilte også på informasjonsmøtet om kulturminneplanen som ein av svært få.

Dersom det vert satt i gang arbeid med kulturminnet på Visnes gjennom sikringsarbeid eller med tiltak, så vil eg og Visnes Velforening delta aktivt i eit slikt arbeid.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Detaljert kunnskap om krigsminnet på Visnes var det andre enn eg som hadde. Fleire av desse er gått vekk og vi er difor avhengige av at andre tek over interessa og kunnskapen.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Spesielt kommunen må no engasjere seg for å ta vare på krigsminnet. Vi får positive reaksjonar frå kommunen på vårt engasjement, men kommunen prioriterer ikkje bruk av økonomiske verkemiddel for å ta vare på krigsminna. Ideelle organisasjonar som Visnes Velforening kan ta ansvar for ein god del arbeid og tiltak for nærmiljøet, men det er viktig at kommunen kan bidra med litt pengar til tiltak og at kommunen viser at den har ansvar for kulturminne. At området er såpass godt teke vare på fram til no er prisgitt eldsjelene. Dette er for det meste eldre folk som no ikkje lenger er aktive. Ein risikerer at dugnadsånda kan dø ut. Det er viktig at kommunen syter for å få sikra grøntområdet med krigsminnet på Visnes mot



Skytestilling for tyngre våpen.

utbygging av ymse slag. Området er lite og må ikkje verte mindre. Av tiltak som kommunen kan bidra med er plassering av søppeldunkar i området, utlån av fliskuttar og økonomiske bidrag til merking av turstiar og krigsminne.

Dersom kommunen meiner at krigsminna på Visnes er viktige å ta vare på, så må også kommunen vise det på ein eintydig måte.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Krigsminnet på Visnes er eit forsvarsverk bygd av tyskarane under andre verdskrigen, retta mot båttransport inn og ut fjordarmen inn mot Tonning. I tillegg finns det skytestilling på motsatt side av Stryn sentrum; på Sandbakk. Ein kjenner ikkje til at det gjort ei nøyaktig registrering av dette kulturminnet på Visnes, eller kor vid utstrekning anlegget har. Det som ligg godt synleg i dag består av meir enn 10 skytestillingar for

lette handvåpen, ei stilling for tyngre skyts, minimum to holer/hillere for skjul/tilbaketrekking og eventuelt lager. I tillegg anslagsvis 100 meter skytegraver eller tilkomstvegar til skytestillingane. Det står også igjen eit støypt fundament som kan ha vore feste for ei type antenne. Forsvarsanlegget er murt i naturstein med innfesting av steinen i betong. 4-5 stillingar og lange strekningar med skyttargraver er samanrast og dels øydelagt, men mykje av anlegget er framleis intakt.

Bustadarealet som grensar inn mot kulturminnet mot vest ligg i ein avsats mykje lågare i terrenget enn kulturminnet og trugar ikkje dette, men mot sør er det bygd bustadar svært nær inntil kulturminnet, slik at to skytestillingar kjem nærast på gardstunet til eitt av husa.

Dei tyske skytestillingane har omsynssone Bevaring kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel.

Aktuelle tiltak: Sikre arealet med krigsminna i kommuneplanen sin arealdel for å unngå nedbygging. Støtte frivillige i arbeidet med å skjøtte området.

Intervjuskjema nr. M46

Intervju utført: 16.09.2015 av Odd Rønningen Namn intervjuobjekt: Jonn og Synnøve Beinnes Adresse: Lansevegen 21, 6783 Stryn	Namn på kulturminnet: Ungdomsherberget (tyskerbrakke).	Geografisk plassering/tilkomst: Det nedlagte ungdomsherberget ligg i Geilevegen 14 i Stryn sentrum. Kartkoordinat X:6866164, Y:380273
---	--	---



Jonn og Synnøve (Synna) Beinnes utanfor Stryn Vandrarheim.

Generelt om interessa for kulturminne:

Det var nok andre interesser som var større. Organisasjonsliv for eksempel. Røde Kors. Men med alderen har interessa for kulturminne auka, seier Jonn. No er det slik at eg av og til angrar på at eg ikkje har spurt meir. Bestefar for eksempel, var skipper på dampbåten Briksdal på Oldevatnet frå ca 1920 til han gjekk i opplag. Bestefar kunne fortalt mykje.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Jonn og Synnøve Beinnes har 17 år bak seg som drivarar av Stryn vandrarheim, fyrst som aktive i Røde Kors og deretter som eigarar av Vandrarheimen i 15 år.

Bygget vart påkosta om lag 3 mill. kroner. Ungane til Jonn og Synnøve ville ikkje overta, og i 2007 kjøpte Ålesund Vandreheim bygningen.

Men i 2013 var det slutt. Vandrarheimen var nedlagt.

Brukarane var frå mange europeiske land, og etter at muren fall kom østeuropearane, og spesielt tsjekkarane. Vi hadde opptil 40 bussar med tsjekkarar pr sesong, seier Jon.



Det var uproblematisk å omskape det gamle tyske kasernebygget til vandrarheim med standarden som var vanleg på 80- og 90-talet. Og vi har fortalt om historia til bygningen – også til tyskarane som har vore her. Panelen på desse veggane er den opprinnelege.

Bygningen står no og ventar på alternativ bruk.

No må hagevekstane stelle seg sjølv. Det er ikkje så fint å sjå på lenger, seier Synna. Dette var planter som eg planta ut, seier ho. Med vemod.

Dei har nok begge lagt igjen mykje av seg sjølv i bygningen og tomta.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Då vi dreiv vandreheimen, var aktiv informasjon til leigetakarane om opprinnelsen til bygget ein sjølvsgatt del av våre gjeremål. Også tyskarane fekk informasjon om at dette hadde vore ei brakke i den tidlegare tyske forlegninga i Bø. Ved alt ombygging- og restaurering-sarbeid som er gjort, har ein prøvd å ta vare på mest mogleg av det opprinnelege i bygget. Inndelinga i 8-mannskaserner er teke vare på. Mykje av den opprinnelege panelen er der framleis.

Dei påbyggingane som er utført er mykje i tråd med bygget sitt særpreg. Det er gjort litt endring av vindu. Elles svært lite.

Etter kvart har turistane som nyttar vandrarheimkonseptet i større grad forventa dobbeltrom med dusj og toalett på rommet



Matsal og festrom. Denne delen er eit påbygg til tyskerbrakkka.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Stryn Vandrarheim vart starta opp i 1949. Bygningen er frå 2. verdskrig, og er ein del av den tyske okkupasjonsmakta sin militærleir i Bø; «Hansalager» eller «Bøleiren». Då krigen tok slutt var denne forlegninga den største forsamlingsplassen i heile Stryn. I 1948 vart det, ifølgje Jonn, arrangert eit bondestemne i Bø som husa 5 000 menneske. Det vart halde i Bø fordi det var den einaste plassen som kunne huse så mykje folk.

Etter krigen vart ei av desse brakkene flytta til noverande plass i Kreklingen, den fekk eit tilbygg nordover som vart peisstove/matsal, og i 1949 vart bygget teke i bruk som ungdomsherberge. Norske Ungdomsherberger, region Vest, dreiv her til 1982, då det vart bestemt å legge ned drifta på grunn av sterk nedgang i gjestetel og føreståande store reparasjonar.

Stryn Røde Kors overtok då bygget for å nytte det til sine lagsaktivitetar, men med lovnad om å drive herberge i sommarmånadane i 10 år. Store ombyggingar skjedde. Mellom anna vart her bygd garasje for 2 sjukebilar. Mykje av drifta var basert på dugnadsarbeid, og då ti år var godt vart det vedteke å selje.

Synnøve og Jonn Beinnes hadde dreve huset for Røde Kors frå 1990, og kjøpte huset av Røde Kors i 1992. Dei starta ombygging av huset og fekk etter kvart 12 rom med dusj og toalett.

Stryn Vandrarheim vart i 1997 utnevnt til Årets Vadrarheim. I 2007, etter 17 års drift, selde Synnøve og Jonn til Ålesund Vandrarheim. Dei dreiv vidare fram til 2013, då drifta tok slutt.



Vandrarheimen sett frå søraust. Langfløya på bygget er den intakte tyskerbrakkka. Under byggingen er det satt inn 6 rom med dusj og toalett. I vestenden kan ein sjå den påbygde delen som vart nytta som matsal.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Dersom vi tek vare på dette siste kasernebygget frå andre verdskrig kan vi også ta vare på denne delen av historia. Eg synest dette bygget burde få overleve og i størst mogleg grad takast vare på. Men det må kunne nyttast til noko, som skapar inntekter. Derfor er det viktig at dei som eig bygget er interessert i å ta vare på dette kulturminnet.


Det er ikkje lenger Ålesund Vandrarheim som eig bygningen. Tre privatpersonar har overteke bygget, men har ingen drift av bygningen for tida.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Ingen kommentar.

Intervjuskjema nr. M47

Intervju utført: 05.07.2015 av Matias Lunde Namn intervjuobjekt: Matias Lunde Adresse: 6783 Stryn	Namn på kulturminnet: Utigard, Faleide	Geografisk plassering/tilkomst: Gardsbruk på Faleide ved den Trondheimske Postveg. Kartkoordinat X:6863973, Y:374297
--	--	--



Generelt om interessa for kulturminne:

Generelt er interessa mi stor for kulturminne. Eg har vokse opp på ein gard med mange stadnamn, ei kjend gardshistorie og mange beretningar frå tidlegare tider. Eg har og studert lokalhistorie og er med i Stryn historielag. Garden eg bur på grensar både til fjord og fjell. Far min og også andre i slekta var interesserte i lokalhistorie. Har skrive ei mengd prologar der lokalhistorie er emnet.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Heime på garden Lunde står ei gammal nystove, bygd i 1798. Tømmeret til denne stova fekk Margrete Hansdotter Faleide med seg frå Utigard på Faleide då ho gifte seg med Ole Matiasson Lunde. Dette var mine tipp-tipp-oldeforeldre. Ole Lunde fekk fri militærtenesta for å gå med posten frå Faleide til Stryn i 10 år. Posten på Faleide var i Utigard som ligg ved den gamle postvegen. Her var det nok han trefte Margrete. Dette var noko som var snakka mykje om i min barndom, og i ungdomen og vaksen alder var eg mykje på Faleide.



Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Eg har ikkje gjort noko for å ta vare på dette. Det bur folk på garden som har stor interesse for det gamle.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Eg veit at det er ein gammal gard med svært mange hus som ligg på Faleide ved den gamle Trondhjemske postvei. Posten var i Utigard, og herfrå var det postbod til Stryn. Mange kjende personar har budd på garden. Husa har vore brukte til offentleg teneste. Mellom anna hadde Innvik sparebank lokale her.



Ein av brukarane, Anders Hansson Faleide, var bankkasserar i mange år. Han var også ordførar. Og sonen Hans var lensmann. Brukarane på garden har teke vel vare på dei mange gamle bygningane og andre ting på garden.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Hjelpe brukarane med å ta vare på dei mange gamle husa.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Utigard Faleide har omsynssone Bevaring kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel.

Intervjuskjema nr. M48

Intervju utført: 09.09.2015 av Mathias Lunde Namn intervjuobjekt: Per Lunde Adresse: Sandslikroken 56, 5254 Sandsli Epost: per.lunde@uib.no	Namn på kulturminnet: Bergsideveten	Geografisk plassering/tilkomst: Ved Veteflata på sørsida av Hogden, i høgde ca. 490 m.o.h., rett sør for TV-masta (591 m.o.h.). Vetten ligg i fjell/myr/skogs-terreng, utan veg. Tilkomst via merka sti frå Setrevegen på Bergsida (ved «Klypa»). Kartkoordinat X:6865524, Y:377265
--	---	---



Fotografi som viser forslagsstillaren Per Lunde ved den «nye vetestova» som vart oppsett av bergsidarane i 2001, teke under synfaring 3. august 2015, i følgje med Ottar Hol, Oddmund Vinsrygg, og Per Vinsrygg.

Den gamle vetestova låg i området der denne «nye vetestova» er sett opp, men det viser seg i dag vanskeleg å fastslå denne staden sikkert. Dei som kunne vise staden nøyaktig, er i dag borte.

Av denne grunn er det gjerne mest praktisk å plassere informasjonen om Bergsideveten ved eller i den «nye vetestova». Det bør framgå av slik informasjon at ein ikkje kjenner den nøyaktige staden for den gamle Vetestova, men at det var i dette området.

Generelt om interessa for kulturminne:

Underteikna har allmenn interesse for historie, arkeologi, gammal arkitektur, byggemåtar, kulturminne, osv. Dette gjeld både lokalhistorie og historie i større samanheng. Å ta vare på kulturminne og informasjon om slike, så framtidige generasjonar også kan få innblikk i tidlegare tiders levemåtar, ser eg som viktig. Det som er synleg for auget vil feste seg betre i minnet, enn det som berre blir fortalt.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Underteikna er oppvaksen på Lunde på Bergsida, og er grunneigar på gnr/bnr 49/2 og 3. Dette kulturminnet har vore og er viktig for folk på Bergsida, og ein kjenner eit visst ansvar for å ta vare på det. Frå eg var liten har far min - Børre Lunde (1916-2007) - fortalt om Vetten og Veteflata, og den funksjon dette varslingsystemet hadde frå 900-talet eller tidlegare, og fram mot vår tid. I dag er det ingen synlege spor etter Vetten og Vetestova, anna enn evt. restar skjult i grunnen. Far visste nøyaktig kvar Vetten og Vetestova låg, etter sin far, Per Lunde (f. 1879), som fortalde at rundt 1900 var stokkar etter Vetestova synlege i dagen, - desse hadde han sjølv sett. Far min og andre som visste sikkert kvar Vetten låg, er no borte.

Det er etter mitt syn ønskjeleg å få markert Vetten som kulturminne. Den rolle og betydning Vetten har hatt for indre Nordfjord opp gjennom historia, frå 900-talet eller tidlegare, og fram på 1800-talet, tilseier at vi bør ta vare på dette over tusen år gamle kulturminnet.

Ein annan ting er plassering og namnebruk. Mange i dag trur - feilaktig - at Vetten låg der TV-omformaren på Hogden står. Dette blir understøtta m.a. av feilaktig merking av skiløypene i området, der toppen der TV-omformaren står blir skilta som «Vetten».

Toppen der TV-omformaren står heiter «Gamle Vetebakkane» (som var det namnet far min brukte), eller «Gamle Vetebakken» (som er namnet som står på utskiftingskartet for Bergsidas fjellteigar, datert 1954). Dette namnet er i bruk på Bergsida i dag. Sjølv Vetten låg nær Veteflata, som ligg sørom og lågare i terrenget enn Gamle Vetebakkane, nokre hundre meter i luftlinje frå TV-omformaren. Veteflata er avmerka på det nemnde utskiftingskartet frå 1954. Går det lang nok tid med slik feilinformasjon, er det til slutt ingen att som kjenner dei faktiske forhold.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Dersom det vert sett i gang arbeid med å ivareta dette kulturminnet, så kan eg delta i dette.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

(1) Det følgjande er henta frå ein artikkel i Fjordingen 21. august 1989, forfatta av Arne Vinsrygg:

På Veteflata ovanfor Vinsrygg kan ein enno (1989) finne dei aller siste restane av ein vete. Ein vete var eit stort bål av tørre trestokkar, oppreist som ei kjegle omkring ein midtstokk. Inne i kjegla var det never og tørrkvister, klart til opptenning. Ved sida av bålet var der ei lita tømra vakthytte, kalla vetestova.

Denne veten var eit ledd i eit landsomfattande militært varslingsystem av liknande vetar, omlag 1000 i alt. Dei var plasserte i ei rekkje langs svenskegrensa og langs kysten, slik at dei var godt synlege for flest mogeleg, og slik at ein kunne sjå frå den eine til den andre. Vart krigsskip eller framande hærstyrkar observerte, skulle veten tennast, og vetevakta på neste vete skulle tenne sin. Slik kunne landet mobiliserast i løpet av 7 døgn. Det var svært raskt, langt raskare enn nokon angrepsstyrke kunne flytte seg. Langs kysten stod vetane tett, og med varierende høgde over havet, for å få signalet sikkert fram om det var dårleg sikt lågt nede, eller i høgda.

I vårt distrikt høyrde vetane Smørhamn, Vetten på Bremanger, Einevarden på Vågsøy, og Kjerringa på Stad, til denne kysttrekkja. Frå denne kysttrekkja gjekk det avgreiningar innover fjordane og opp gjennom dalane. Frå Einevarden på Vågsøy eller Vetten på Bremanger, eller begge, gjekk signalet til Vetten på Vågsøy, vidare til Hanekamben aust for Måløy, vidare til Synnevehornet ovanfor Almenning, til Storetroda i Davik, og derifrå til Takloveten på Eid.

Takloveten sende signalet ut langs tre greiner, ei til Åsebøveten på nordsida av Hornindalsvatnet, og vidare til Hornsvetten i Hornindal. Den andre greina gjekk først til Ravnestadvetten i Gloppen, og vidare til Vetehornet i Breim. Den tredje greina gjekk til Dimma vestafor Utvik, vidare til Ulvedalsveten, derifrå til veten ovanfor Vinsrygg. Derifrå gjekk signalet ut i to greiner, ei til Auflemsfjellet i Olden, og ei til Skåråsen og vidare til Vetten i Hjelledalen, som var endestasjon. Frå nesten alle gardar i heile Nordfjord var ein eller fleire vetar synlege, så dei var plasserte med omtanke. Og dei var slett ikkje plassert på dei høgaste fjelltoppane, slik mange trur. Vetten ved Vinsrygg ligg på 500 m.o.h., mange ligg mykje lågare. Det er tankevekkande at det på svært mange av dei gamle veteplassane i moderne tid er sett opp TV-sendarar.

Dette varslingsystemet er svært gammalt. Håkon den gode (som levde ca. 920 til ca. 961, og var Norges konge frå 930-åra til ca. 961)¹ har fått æra av å ha funne det opp og sett det i funksjon, men systemet med vardar har nok vore brukt i lang tid før det, også i mange andre land.

Det seier seg sjølv at gjennom ein periode på meir enn 1000 år, er både vetane og vetestovene rotne ned og bygde opp igjen mange gongar. Vetestova på Ulvedal er den einaste opphovelege vakthytta som er igjen i landet. Også den har nok vore ombygd og restaurert opp gjennom hundreåra.

¹ Korrigerende årstal (henta frå Store Norske Leksikon) ift. Arne Vinsryggs artikkel, der det stod «945-961».

Mange av vetane har også vore flytta. Viktigaste årsaka var kanskje at det vart tungvint å skaffe materialar til veten og vakthytta, og til brennved for vaktmannskapet. Veten ved Vinsrygg har sikker og vore flytt. Høgdedraget ovanfor Veteflata heiter Gamle Vetebakken, der TV-omformaren no står. Der har nokså sikkert den eldste veteplassen vore.

Vedlikehaldet av vetane, og vakthaldet ved dei, var regulert ved lov. I Gulatingslova er vetane og vakthaldet nemnde i eigne paragrafar, likeeins i Magnus Lagabøte si landslov av 1274. I «Kong Christian den Fjerdes Norges Lovbok af 1604», er dei gamle lovene om vetane reviderte og moderniserte, og dei kom også stort sett uendra med i «Kong Christian den Femtes Norske Lov af 15. April 1687». I Slottslova på Akershus 15. oktober 1709, er det gitt ordre om å setje i stand vetane og vetestovene og å etablere vetevakt, i samband med elleveårskrigen. Siste gong det vart sett vakt ved vetane var under verdskrigen 1807-1814.

Vedlikehaldet av vetane og vetestovene, og vakthaldet, var pliktarbeid for bøndene, dei som åtte matrikulert jord. Det var nok ei tyngjande plikt. Veten skulle døgnet rundt, året rundt, vaktast av 2 eller 3, somme stader 4, våpenføre menn, med auge, øyre og føter orden. Det var strenge straffer for å forsøme vedlikehaldet og vakta.

Likevel låg nok både vetane og vaktordninga nede i lange periodar når tilhøva var fredelege. Dette går fram av ei lang rekkje innskjerpingar og oppstrammingar som styresmaktene sende ut opp gjennom tidene, særleg når krigsføre trua. I eit «memorial» skrive av Peder Lund, Trondheim frå 1710, står der: «... men vardevagten er de fleste tider så saa slet forsynet, at bønderne skikker børn og smaa tøser mangel gang hen, at holde vagt ved varderne, og Gud ved, hvad vagt dette er at forlade seg til».

I ein resolusjon frå 1762 vert det gitt løyve til at vetane kan leggjast ned i fredstid, men at dei må bli reiste igjen på dei gamle stadane i tilfelle av krigsføre. Som nemnt vart det siste gong sett vakt ved vetane i åra 1807-1814.

I tillegg til å kveikje veten, var det vakta si plikt å sende ut bodstikka, eller hærpila, som utan opphald skulle berast frå gard til gard, for å sikre at ingen var uvitande om mobiliseringa. Bodstikka var forsynt med ei vidjehempe, og var svartbrend. Dette for å minne mottakaren om, at den som forsømde å bringe bodstikka vidare, ville bli hengd, og husa hans avsvigde. Dei hadde sans for dramatiske effektar i gammal tid. Bodstikka fekk ny form etter at lesekunsten vart utbreidd.

Denne sommaren (1989) forsvinn dei aller siste synlege restane av veten ved Vinsrygg. Berre namna, Veteflata og Gamle Vetebakken, er igjen. Vi har ingen store og prangande fortidsminnesmerke å vise fram her hos oss, ingen pyramider, slott eller katedralar. La oss ta vare på det vesle som fins.

Avisartikkelen er supplert med eit fotografi, med bilet-tekst: «Dette biletet er teke på staden dei meiner Vinsryggveten har stått – og vetestova som høyrde til. Ottar Hool sit her med restar som ein er sikre på skriv seg frå denne stova. Frå veteplassen (ca. 490 m.o.h.²) er der svært godt utsyn både til Ulvedalsveten og til veteplassen i Skåråsen. Det kan leggjast til at staden der Vinsryggveten stod, ligg berre 300 m frå TV-

² Korrigerende høyde over havet (henta frå «Økonomisk kartverk») ift. Arne Vinsryggs artikkel, der det stod «550 m.o.h.»

omformaren.»

Som kjeldemateriale for artikkelen har Arne Vinsrygg brukt:

1. Leiv Blakset, «Om varslingsystem for krig i gamal tid og om leidangen», historisk sær oppgåve ved Elverum off. lærerskole, 1966.
2. Snorre, «Soga om Håkon den gode».
3. Synfaringar og opplysningar frå eldre folk på Bergsida.

(2) I tillegg kan det tilføyast:

Den gamle Vetestova låg i området der «nye vetestova» er sett opp, men det viser seg i dag vanskeleg å fastslå staden for Vetestova sikkert. Dei som kunne vise staden nøyaktig, er i dag borte.

Ottar Hol på Vinsrygg har ein video frå ca. 1989, frå tur til Veteflata, saman med Reidar Vinsrygg, Arne Vinsrygg, og Rolf Vinsrygg. Reidar Vinsrygg meinte at området ved svaberget der «nye vetestova» seinare vart sett opp, i 2001, er om lag rette staden for den gamle Vetestova. Far min, Børre Lunde, meinte derimot at den «nye vetestova» vart sett opp for langt aust. «Vetestova stod ikkje på sjølv Veteflata, men vest for denne», sa han. Oddmund Vinsrygg har også vore av den meining at den gamle Vetestova stod litt sørvest for staden der «nye vetestova» er plassert, men innanfor 10 m avstand. Reiner Vinsrygg og Rasmus Øvreberg meiner derimot at den gamle Vetestova kanskje stod litt aust eller søraust for staden der «nye vetestova» er plassert, men ganske nær, innanfor 10 m avstand.

Sidan ein ikkje kan fastsetje staden for den gamle Vetestova nøyaktig, er det nok mest praktisk å plassere informasjonen om Bergsideveten ved eller i den «nye vetestova», som jo står på Veteflata. Det bør framgå av slik informasjon at ein ikkje kjenner den nøyaktige staden for den gamle Vetestova, men at det var i dette området.

Når det gjeld vetebålet, så har Per Vinsrygg frå sin far, Geir Vinsrygg, at bålet stod ikkje ved Vetestova eller på Veteflata, men på Skystadnakken (nokre hundre meter nordaust for Veteflata, omlag rett aust for TV-masta, litt lågare i terrenget enn denne). Oddmund Vinsrygg meiner også at han har høyrte dette.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Ulike ting kan vere aktuelle:

(1) Etter mi meining bør Veten få ligge relativt urørt, som i dag. Men ein kan kanskje - om grunneigar samtykker i det - markere staden med ei diskret informasjonstavle? På Veteflata sette bergsidarane i 2001 opp ei tømra, lita «vetestove». Denne ligg i området der den gamle Vetestova låg, men mest truleg ikkje på same staden. Meir nøyaktig fastsetjing av rette staden viser seg diverre å vere vanskeleg i dag. Denne «nye vetestova», som ligg ved sti opp frå Setrevegen på Bergsida, kan gjerne utnyttast publisitetsmessig, og kombinerast med informasjon. Det bør framgå at ein ikkje kjenner den nøyaktig staden der den gamle Vetestova stod, men at det var i dette området, ved Veteflata. Etter kvart som vedlikehald av den «nye vetstova» blir nødvendig, så kunne kanskje Stryn kommune bistå med midlar til dette?

(2) Veten, med lokalisering og historia bak den, bør gjerast meir kjent for folk. Informasjon om dette, lokalisert i Stryn sentrum, saman med informasjon om andre kulturminne, kunne kanskje vere aktuelt?

(3) Eit viktig tema er rett namnsetjing av Veten, på offisielle kart, osv. Ulike og feilaktige namn som «Svarstadveten» og «Vinsryggveten» har i seinare år (frå 1970-talet) versert på kart over og i artiklar om området. Nokre eksempel:

- I Fjordingens avisartikkel frå 1989 som blir referert over, er Veten kalla «Vinsryggveten».
- Namnet «Svarstadveten» har vore (og er kanskje framleis?) i bruk på offisielle kart over Indre Nordfjord, og er i dag i bruk på internettsidene for NRK og Meteorologisk institutt's vårteneste, «yr.no»; og på turist-internettssider som «<http://mapcarta.com/30764466>», «<http://peakbook.org/no/peakbook-element/20196/no/Svarstadveten.html>», «<http://www.geonip.com/geolocation/svarstadveten-sogn-og-fjordane-norway/9209394>», «<http://aroundguides.com/30764466>», «http://www.westcoastpeaks.com/pics11B/hogden_000googleearth.jpg», og ei heil rekke andre websider.
- I skiløypene i området er toppen der TV-omformaren står, Gamle Vetebakkane, feilaktig skilta som «Veten» (sjå over).
- På offisielle «økonomisk kartverk»-utskrifter frå 1970-talet som eg har liggande, er toppen der TV-omformaren står, Gamle Vetebakkane, avmerka som «Vinsrygg 591 m.o.h.».
- På NRK Sogn og Fjordane sine internettsider heiter det at «*Den midtre varslingslina gjekk frå Taklo-veten til Dimma, derfrå til Ulvedal ved Blakset (sjå [Ulvedals-veten og vetestova](#)), Vinsrygg i Stryn, Auflemfjellet i Olden og Skor i Oppstryn.*» [Sjå http://www.nrk.no/sf/leksikon/index.php/Vetane_p%C3%A5_Hundeidsfjellet_og_ved_Heggabygda.]
- I Sogn og Fjordane Fylkesleksikon heiter det i ein artikkel om vetesystemet i Nordfjord at «*Den midtre varslingslina gjekk frå Takloveten til Dimmaveten vest for Tisthammar (634 moh.), derifrå til Ulvedalsveten ved Blakset (450 moh.), Vinsrygg i Stryn (461 moh.), og derifrå i to*

retningar: Den eine til Skår i Oppstryn (275 moh.) og Vetekulen ved Hjelle, og den andre til Huaren/Auflemsfjellet i Olden (285 moh.).» [Sjå http://www.nrk.no/sf/leksikon/index.php/Det_gamle_vetesystemet_i_Nordfjord.]

Namn som «Svarstadveten» og «Vinsryggveten» var ifølgje far min og andre eldre på Bergsida, aldri i bruk tidlegare, og det er uvisst korleis desse har kome i bruk. Denne feilaktige namnebruken bør rettast opp, på alle offiselle kart, før slike feil får feste seg ytterlegare. Det rette namnet er «Veten» (som frå gammalt er namnet brukt av folk på Bergsida og elles i grendene rundt). For å skilje den frå andre vetar, som Ulvedalsveten, kan «Bergsideveten», eller evt. «Veten på Bergsida», brukast.

Følgjande opplysningar støttar oppunder dette: Dei opprinnelege gardane på Bergsida var Øvreberg, Nedreberg og Lunde. Dette har ein m.a. frå eit dokument frå 1410, der originalen ligg i Riksarkivet (med avskrift hjå underteikna og andre), og der desse tre gardane er omtalt med namn. Det er også stadfesta gjennom utskiftinga av det utmarksområdet vi på Bergsida kallar «fjellteigane» (Hogden, Tverrfjellet, og området mot Blånibba/Gulkoppen/Holevatnet), som vart avslutta rundt 1960. Desse fjellområda er eigd av gardane Øvreberg, Nedreberg og Lunde (i form av teigar og felleseige). Veten ligg i dette området. Svarstad og Vinsrygg er yngre gardar, utan eigedomar eller rettar i «fjellteigane», inklusiv området der Veten ligg. Svarstad ligg for øvrig ikkje på Bergsida (som består av gardane Øvreberg, Nedreberg, Lunde, og Vinsrygg).

Det var ønskjeleg om Stryn kommune kunne bidra til å få retta opp slik feilaktig og forvirrande namnebruk, på offisielle kart over Indre Nordfjord, i Sogn og Fjordane Fylkesleksikon, og ved skilting av skiløypene i området.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Bergsideveten har omsynssone Bevaring kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel.

Intervjuskjema nr. M49

Intervju utført:	31.08.2015 av Anita Flo	Namn på kulturminnet:		Geografisk plassering/tilkomst:
Namn intervjuobjekt:	Svein Nesje			Stryn sentrum, ut mot elva.
Adresse:	6783 Stryn	Walhalla		Kartkoordinat X:6865398, Y:380275



Svein Nesje ved Walhalla. Sørsida var den opprinnelege framsida, med ei flott hovuddør. All trafikk føregjekk mot elva, først seinare når bilane kom, vart det laga ein inngang nordover. I «Olina på Walhalla» si regjeringstid kom det òg opp namneskilt på nordsida. To store jubileum i 2015: Vi veit om «kræmarhandel» på staden frå 1615 – altså 400 år i år, og huset Walhalla er 250 år!

Intervju av Anita Flo.

Generelt om interessa for kulturminne:

Eg har interesse for kulturminne utifrå at eg har jobba veldig mykje med gamle hus, vore med og reparert og sågar vore med og bygt ei ny, lafta Nordfjordstove på Sandane. Kulturminne må ein investere i. Men investeringa og pengane som må til, blir gjerne mykje større enn lysta til å gjere noko. Det er jo minimalt med offentleg støtte til alt som skal restaurerast i Norge. Oline Ytreeide som styrte Walhalla i fleire år, fekk 500 kr frå fylkesantikvaren som støtte, og då kunne dei brått legge seg opp i kva ho brukte dei på – det var dyraste pengane ho hadde fått, sa ho!

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Eg er fødd inn i Bø, men oppvaksen i Perhustunet, som Walhalla er ein del av. Bestefar Matias M. Nesje dreiv butikk i det som er O.L. Brekke i dag. Han hadde forretninga til 1913, då selde han til fotograf Jens Maurset, og bygde forretningshus inn i sentrum. Det vart reve i 1970, når dei førte den nye gata gjennom.

I 1942 var vi begynt å bli ein stor familie, og vi fekk leilegheit i Hotel Stryn i Perhustunet, det brune huset som brann i 1979 (der «Brunosten» ligg i dag). Nedanfor der hadde vi ei sjøbu. Huset var hotell berre ein liten periode. Mor døde i 1978, og far budde aleine i leilegheita då det brann. Han redda seg ut med fela, børsa og ein kassettspele. Først hadde han prøvd å få ut eigaren av huset, Audun Bruvoll, som budde oppe, men han omkom dessverre.

Barneåra mine i dette miljøet – Perhustunet, var prega av aktiviteten kring Walhalla, og dei driftige damene som arbeidde der, først ho Anne Ytreeide og deretter ho Oline Ytreeide.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Eg har gjort ein del forbetringar på huset. Det har vore lønna arbeid frå eigarane, familien Brekke (her skyt Ole Anton Brekke inn at Svein er «hoffsnikkaren» deira!). Blant anna skifta vi tak på 1990-talet, og eg streva etter å få takrennene og nedløpa tidsriktige. Taket var blankt og skinande første tida, somme tykte det vart feil, men tanken var at med tid og stunder skulle det bli eit tak som sto i stil med huset. Og det vart det. Eg har òg tatt igjen bislaget oppover og bygde eit skikkeleg bad der. Då fekk eg dekkja av veggen som viser at tømmeret som er brukt i nedste delen av huset, er mykje eldre enn ein trudde – det er tømmer som er brukt om igjen. Det ser ein på spor i stukkane, som er brukt til andre ting før. Ein veit at bygningen er frå 1765, men personleg trur eg



det er mykje eldre. Det eldste huset som er i Perhustunet, har alltid vore sagt er «Bå'stova» (Bodstova), eller Fargarhuset som vi òg kallar det. I Bå'stova var det alt gjekk føre seg, av rettsaker, møter og slikt. Eg har ikkje fått sett på tømmerprofilen i Bå'stova, men eg har sett den i bua til Tore Geir Aaland. Der er tømmerprofilen typisk 1500-tals, med stokkar som er halvovale. Dersom Bå'stova er eldste huset i Perhustunet, er den altså eldre enn 1500-talet.

Perhustunet; vi ser Walhalla i bakgrunnen, Skulen, Bodstova (Fargarhuset), sjøbuene, Hotel Stryn og sjøbua som hørde til der. Svein Nesje vaks opp i Hotel Stryn (lengst til venstre). Dette huset brann ned i 1979.

Foto: J.K.Maursæth

Walhalla er sannsynlegvis bygd i etappar. Det var ikkje gjestgjevarstad før langt ut på 1700-talet, og då må dei ha bygt på for å få nok rom til å drive med overnatting. Den yste delen kan ha vore ei lita stove, men hotellet i seg sjølv er så stort, at det må ha blitt bygd som ein gjestgjevarstad. Det kan ha vore eit 1-etasjers hus som dei har bygt på oppover seinare, det er mogeleg, men det er vanskeleg å seie noko sikkert utan belegg.



Walhalla brukte omlag 15-20 mål ved kvar vinter, det var godt dei eigde i skogateigar både i Stryn og Markane! Her ser vi nokre som har teke oppstilling på eit lass. Mannen i midten med kornetten, kan vere Sagsveen, dirigenten i Stryn Musikklag rundt 1900.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Frå først på 1600-talet budde der «Borgarar ved Strønneelff» på Tonnings grunn, skriv Jakob Aaland. Her var det lagleg å sitje, staden vart også kalla Stryneøyra. Perhusa vart ein midtstad i Indre Nordfjord, og det var lenge der ikkje var gjestgjevar andre stader i Stryn og Olden sine skipsreider.

Den første borgaren som budde her, dreiv ikkje gjestgjevarstad, men berre vanleg «kræmarhandel». Husa stod der Walhalla no står og med sjøtilgong ved bua nedanfor (der arkitekt Aaland bur i dag). Denne bua er svært gammal, lafteteknikk og tømmerprofil fører oss tilbake til 15-1600-talet. Dei andre husa er yngre. Han som først nytta Perhustunet, var Jens Block (1), han kom her i 1615, og tok til med borgarhandel etter Jens Hansson Fynbo som hadde drive borgarhandel i Vik. Jens Block døydd før 1640. Etter han kom Garbrand Corneliussen (2) som var borgar i Bergen, men som budde i «Stryn ved Strøneelff» i 1641. Han døydd i 1656 og vart ingen gammal mann. Han var truleg gift med Jens Block si dotter som heitte Anne. Dei hadde mykje jordgods i Indre Nordfjord. Dei hadde ikkje born.

Etter desse kom Peder Rasmussen Tonning (3), son av lensmann Rasmus Tonning. Peder er ættefaren til Tonning-ætta som har vide forgreiningar i borgarsetet heilt fram til 1829, då dei selde det ut av slekta. Peder fekk borgarskap i Bergen i 1654. Han var ein rik mann som åtte part i 22 gardar!

Peder Pedersen Tonning (4), død 62 år gammal i 1725, var andre sonen til Peder Rasmussen. Ved skifte etter faren i 1702, hadde han fått testamentert handels- og gjestgjevarstaden, og i 1705 fekk han skøyte på halvparten av Riseøyane. Sonen Peder Pedersen Tonning (3) døde 90 år gammal i 1798, då hadde han arva Perhustunet etter mor si i 1734. Han fekk handelsprivilegium same året. I 1742 skreiv futen at Tonning «er et ældgammelt privilegeret Handelssted og har været i brug i over 100 Aar, og uomgjengelig fornøden baade for Rejsende og Almuen saavel i Op- og Nedre-Stryens Sogner som i Stryens Skibrede» (kjelde: fylkesarkivet). Det var han som fekk bygd Walhalla i 1765, og huset vart bygd i barokkstil med høgt valmtak og med harmoniske, rolege liner. I tillegg til handel- og gjestgjevarstad, hadde han også einerett på skjenking av brennevin.

Sonen Ole Pedersen Tonning (5) tok borgarskap i Bergen i 1770 og fekk kongebrev på handels- og gjestgjevarstaden i 1783.

Sonen til Ole, Peder Olsen Tonning (6) selde borgarsetet med gjestgjevarstad og handelstad i 1829. Han ville ikkje drive i Stryn, og flytte til Ålesund. Han var rekna som ein av bygrunnleggarane, han var mellom anna stortingsmann, postsjef og tollkasserar. Han døde i 1839.

Han selde staden til Peder Lund Brandt (7). Han var fødd i 1801 i Senja i Nordland. Han kom seglande til Stryn med ei jekt, og hadde borgarbrev frå Bergen. Saman med kona Lydia dreiv dei dette store godset, dei eigde i 22 gardar i Stryn! Peder og Lydia hadde ikkje born, men tok til seg ei pleiedatter, Wilhelmine Sophie. Dei bygde eit hus tett opp i Walhalla som vart kalla «Skulen», der skulle Wilhelmine få guvernanteundervisning - ho kunne ikkje gå i skule med «allmugen». I folketeljinga frå 1865 er det registrert 13 menneske på godset. Blant anna hadde dei tilsett eigen agronom. Her var flotte, stelte hagar – noko som ikkje var vanleg på landsbygda. Dei hadde til og med lysthus!

Brandt dreiv staden til handelsprivilegia vart oppløyste i 1850-åra, og handelsnæringa vart fri. Etter oppløysinga fekk han hard konkurranse. Det gjekk nedover med verksemda, og konkurs var eit faktum ved hans død i 1873. Pleiedottera Wilhelmine hadde gifta seg med Olai Tenden, som jobba for Brandt som handelsbetjent i fire år. Dei ville ikkje drive godset, og kjøpte handelsstaden på Faleide i 1869, og seinare bygde dei hotell på Visnes. Brandt døydde av kreft, og bestefaren til Svein fortalde at folk hugsa Brandt skreik av smerte siste tida han levde. Dette kan nok ha påverka at han ikkje klarte å styre handels- og gjestgjevarstaden. Perhustunet vart auksjonert vekk, og delt i tre.

Gjestgjevargarden med Walhallabua og litt jord omkring vart kjøpt av Samuel Ytreeide, og han gav det til dottera Anne (8,) som seinare fekk daglegnamnet «Samel-Annje». Ho var ugift, og tok i teneste ei brordotter, Olina Ytreeide (9). Då Anne døde i 1955, hadde ho testamentert eigedomen til Anna Brekke som ho var tante til. Anna var søster til Olina, og tykte at det var Olina som skulle eige Walhalla – Olina hadde allereie arbeidd der i mange år. Same dag som ho fekk eigedomen, skjøtte ho den over på Olina. Olina døde i 1997, heile 99 år gamal. Sidan heller ikkje Olina gifta seg og fekk etterkomarar, og ho ville halde eigedomen i slekta, så testamenterte ho det til Ole Anton og Steinar Brekke (10), barnebarn av Anna Brekke som ho fekk Walhalla frå. Steinar og kona Sissel Tonning Brekke dreiv det som gjestgjevarstad til ut på 2000-talet, og etter det har det ikkje vore drift der.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Eg forventar at samfunnet kan hegne om det. Hjelp til å ta vare på det. Ein kan ikkje berre forvente at eit historisk bygg skal stå, og at den som eig det, skal betale for at andre skal få lov å sjå på det. Difor er det eit stort samfunnsansvar å stille midlar til rådighet for å ta vare på kulturarven. Snart kjem vi til det at den som ikkje har noko fortid, har heller inga framtid og tradisjon å sjå tilbake på.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Walhalla har omsynssone Bevaring kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel.

Intervjuskjema nr. M50

Intervju utført: 16.09.2015 av Odd Rønningen	Namn på kulturminnet:	Geografisk plassering/tilkomst:
Namn intervjuobjekt: Tom Erik Beinnes Aldeholm.	Ysteriet i Bødal.	Fylkesveg 723 til Bødal. Gardsveg stengt med grind ned mot vatnet. Ved garden Solvang.
Adresse: Bødal, 6789 Loen		Kartkoordinat X:6853751, Y:394885



Grunneigar Tom Erik Beinnes Aldeholm (tv) og Jan Endre Nesdal.

Intervjuet som vart utført 16.09.15 hadde to hovedpersonar; Initiativtakar og dugnadsorganisator Jan Endre Nesdal og grunneigarrepresentant Tom Erik Beinnes Aldeholm. Vi seier det slik fordi den eigentlege bonden på garden er Charlotte, som ikkje var tilstades under intervjuet.

Generelt om interessa for kulturminne:

Jan Endre har farsslekta frå Larsbruket på Nesdal Indre. Familien slapp uskadde frå ulykkene både i 1905, då fyrste skredet gjekk frå Ramnefjellet, og i 1936 då andre ulukka hende. Jan Endre han har etter kvart fått stor interesse for kulturminna. Finne historia bak. Og han er ein entusiast.

Tom Erik kom til Lodalen frå ei øy i Flora kommune i 2009, og gifta seg med Charlotte Beinnes. Han fekk servert historiene om Lodalsulukkene og vart mektig fascinert både over naturen og klulturen i dalen. Det mest imponerende, og rare å tenkja på, seier han, det er at folket flytte tilbake og bygde opp igjen husa etter den fyrste rasulukka. Og alle vert minna på ulukkene, dagleg. Det rasar alltid frå Ramnefjell. Små og store bitar av fjellet fell mot ur no. Ikkje rett i vatnet som i 1905 og 1936.



Ysteriet i Bødal og eit mindre kvernhus i bakkant, var dei to einaste bygningane som vart ståande igjen etter rasulukka i Nesdal og Bødal i 1936. Bygningen vart nytta til «sjukestove» under opprydningsarbeidet, og mange dramatiske historier knyter seg til bygget. Lodalsulukkene er dei to største rasulukkene i landet målt i antal døde.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Tom Erik trekkjer fram at ysteriet i Bødal (saman med eit kvernhus rett ved sidan av) er det einaste bygget som stod igjen i Bødal og Nesdal etter ulukka i 1936. Det er naturleg å føle dette som sitt kulturminne når det ligg på garden ein er gift til og det har så stor symbolsk betydning.

Jan Endre er einig. Om bygget berre var eit ysteri fekk det ein større betydning i 1936: Det vart nytta som sjukestove. Ei av mange historier fortel om ei lita jente som vart berga ut av gjørmemassene etter at bølgene hadde roa seg. Ho overlevde så vidt, og vart plassert på «ei hylle» i ysteriet. Men ho kom for nær omnen og vart stygt forbrent. Dermed måtte ho sendast til Bergen for å lækje brannskadene.

Jan Endre hadde ikkje vore inne i ysteriet før no i 2015. Men slik er det. Vi reiser rett forbi....

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Noverande grunneigarar Tom Erik og Charlotte har ikkje fått gjort så mykje for å ta vare på ysteriet enda. Dei har hatt meir enn nok arbeid med å etablere hus og heim i Lodalen. Men Tom seier at dei vil ta tak. Men eg kan ikkje setje i gang med snekkerarbeid på bygget sjølv, seier Tom Erik, for då ville dei antikvariske kvalitetane ikkje vorte ivaretekne. Ein må ha profesjonelle fagarbeidarar til slikt.

Men det er gjort utbetringar på bygget i nyare tid. Skifertaket vart restaurert i 1990, og sikrar no mot rote i bygningskonstruksjonen. Restaureringa skjedde mellom anna ved hjelp av SMIL-midlar. Veggen mot sør har likevel betydeleg rote i skvettsona nedst mot muren. Det er ikkje lenge før ting må gjerast.

Jan Endre, for sin del, har satt spor etter seg ved å rydde rundt ysteriet no i 2015. Men han har langt større planar. Eg ynskjer å vera aktivt med på dugnad, seier han. Vi skulle ha restaurert vassveita frå Bødalselva og bygd nytt vasshjul og fått ført nytt vatn fram til vasshjulet, kvernhuset og ysteriet.

Og vi må få engasjert skulen i Loen til å vera med på skjøtsel av området. Og dei må lære å bruke ystepannene, separatoren og kvernsteinen. Eit skodespel, kanskje?

Lodalsulukkene må verte ein identitetsskapar.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Ysteriet er ein bygning som sannsynlegvis er oppført etter den fyrste Lodalsulukka. Deler av veggen er bygd av eldre bordkledning som kan vera henta frå bygningar som vart øydelagt i 1905.

Forklaringa til at ysteriet ikkje vart øydelagt av den enorme tsunamibølga er både at den står langt frå vatnet, men også at den står i le av garden Solvang i sørvest, som truleg tok av mykje av krafta i bølga. Spesielt kan låvebrua ha vore ein bølgedempar. Slik ser det i alle fall ut no, 79 år etterpå. Ruinane på Solvang ligg framleis nesten slik det var i 1936.



Tom Erik står i vassveita som rann rett fram på vasshjulet på kanten framfor han. Vasshjulet dreiv kavlane på veggen av ysteriet rett framfor Jan Endre, og på den same måten på kvernhuset til høgre. På bildet kan ein sjå at skifertaka på både dei to husa er godt ivaretekne.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Samfunnet må bidra med økonomiske tilskot slik at det er mogleg å halde vedlike noko som er så særstøtt som dette. Ivaretakinga må skje som eit samarbeid mellom det frivillige, grunneigarane og det offentlege, representert ved kommune og fylkeskommune.

Ein må få til ei ordning med tilkomst til Ysteriet frå sør, der ein gjerdar ysteriet og kvernhuset ute frå det innmarksbeitet det ligg i i dag.

Fleire eldsjeler har teke tak i dette tidlegare. Mellom anna Rune Holen og Per Helge Bø, som har laga opplegg for ein kultursti i Bødal og på Nesodden. Dei har mellom anna laga namneskilt for dei ulike gardane som stod i Bødal og vart fjerna av bølgene.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Dette kulturminnet må sjåast i samanheng med M02 Båtvraket i Lodalen. Begge er minnesmerke etter rasulykkene i Lodalen. Begge desse kulturminna er så spesielle at dei må vurderast å ha nasjonal interesse.

Intervjuskjema nr. M51.

Intervju utført: 06.05.15 av Ottar Ulvedal	Namn på kulturminnet:	Geografisk plassering/tilkomst:
Namn intervjuobjekt: Erik Ivar Ulvedal	Øvre kulturløype i Ulvedal Kulturpark,	Ulvedal, Nordsida.
Adresse: Ulvedalstunet, 6795 Blaksæter	Rabben.	Kartkoordinat X:6858818, Y:368822



Husmannsplassen Rabben.

Kulturminnet inneheld fleire element som inngår i ein heilskap som er tilrettelagt for besøkande som går på eiga hand eller med guide:

ØVRE KULTURLØYPE I ULVEDAL KULTURPARK.

1. Husmannsplassen Rabben
2. Ulvedalstunet
3. Lunden. Stemne plass
4. Tjærehjellen
5. Sju restaurerte kvernhus i Kvennhusdalen.
6. Vetestova
7. Gardfjøsane.

Kulturløypa utgjer ein runde der ein kjem tilbake til utgangspunktet. Naturleg start er parkeringsplassen v. Sagedammen.

Generelt om interesse for kulturminne:

Det er viktig å ta vare på det forfedrene har bygt opp, ikkje av personleg nytte. Det krev mykje arbeid og medfører store kostnader, men det er viktig å vidareføre og er ei glede å kunne vise det til komande slekter og tilreisande. Dei vil ha både glede, lærdom og nytte av å kjenne til kva innsats det ligg bak det som er oppbygt.

Kulturdagane på Ulvedal, som seinare vart til kulturdagane på Nordsida, vart i 2002 arrangert på Rabben. Det vart då arrangert eit skodespel med tema gravferd som bygde på ei sann historie. I fyrste halvdel av 1800-talet skal ein mann frå Nordsida ha falle i sjøen frå ei jekt ved Ulvedalsneset. Han kunne ikkje symje, men fekk tak i halen på hesten sin, og dei kom seg begge i land. Men mannen fekk lungebetennelse. Det gjekk mot slutten, og han kalla drengen sin til seg. Han ba drengen gifte seg med ho som snart skulle bli enkje.

Skodespelet på Rabben i 2002 viser gravferda slik ho kan ha vorte gjennomført. Vall Teigen var kistesnekker og Vidar Begset var prest.



Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Mesteparten av det som er i kulturløypa er plassert på vår eigedom. Dette er ein viktig del av gardshistoria.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Har vore med i planlegginga og gjennomføringa av dei mange restaureringane. Har lagt ned ein god del økonomisk i å byggje opp igjen i same stil som det var tidlegare.

For framtida ønskjer eg å vere med i vedlikehald og tilrettelegging av dei ulike delane i kulturminnet mit.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Vi har skriftleg materiale om dei ulike delane i kulturminnet. Det vil bli for mykje å ta med her. Dette kan skaffast dersom det er ønskeleg.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Det er offentleg tilgjenge til kulturløypa så alle som ønskjer det fritt kan ferdast der. Med den bakgrunn er det rimeleg å forvente at samfunnet støttar sterkare opp om vedlikehaldet av kulturminna. Gardbrukaren har ingen økonomisk interesse i desse kulturminna; berre arbeid og utlegg. Difor er det eit samfunnsansvar å stimulere sterkt til vedlikehald.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Ingen kommentar.